<b>Totalt</b>	<b>2,0</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>	

#### 3.1.2 Økonomiske hovudtal

Tabell 3-2 Økonomiske hovudtal - politisk leiing

10 POLITISK LEIING	Budsjett	Buds(end)	Regnskap
	2015	2014	2013
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	1 631 000	1 843 000	1 524 821
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	380 000	275 000	379 009
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR	10 000	0	156 611
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	25 000	0	35 362
14 OVERFØRINGAR	55 000	55 000	122 037
15 FINANSERINGSUTGIFTER	0	0	93
<b>Sum utgifter</b>	<b>2 101 000</b>	<b>2 173 000</b>	<b>2 217 933</b>
16 SALGSINNTEKTER	0	0	-4 855
17 REFUSJONER	0	0	-55 037
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-59 892</b>
<b>Sum 10 POLITISK LEIING</b>	<b>2 101 000</b>	<b>2 173 000</b>	<b>2 158 041</b>

Tabell 3-3 Økonomiske hovudtal - administrativ leiing

11 ADM. LEIING	Budsjett	Bud(end)	Regnskap
	2015	2014	2013
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	3 259 000	4 064 000	1 929 263
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	755 000	550 000	582 554
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	10 000	0	0
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	653 000	593 000	405 858
14 OVERFØRINGAR	0	0	24 607
15 FINANSERINGSUTGIFTER	0	0	335
<b>Sum utgifter</b>	<b>4 677 000</b>	<b>5 207 000</b>	<b>2 942 617</b>
16 SALGSINNTEKTER	0	0	-4 148
17 REFUSJONER	-23 000	-30 000	-53 302
<b>Sum inntekter</b>	<b>-23 000</b>	<b>-30 000</b>	<b>-57 450</b>
<b>Sum 11 ADM. LEIING</b>	<b>4 654 000</b>	<b>5 177 000</b>	<b>2 885 168</b>

## 4 Staben

Stabsavdelinga har ansvar for følgjande hovudområde:

- Post/arkiv
- Politisk møtesekretariat
- Sentralbord
- Lønn/personal
- Rekneskap (kommunekasse)
- Informasjon, inkl. nettsider og skjemaløysingar
- ”Det moderne Øystre Slidre” (prosjekt)
- Div. saksbehandling

### 4.1.1 Mål, status og sentrale utviklingstrekk

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for staben:

#### Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.

#### Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- Øystre Slidre kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida.
- Øystre Slidre skal drive aktiv informasjon.

#### Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland

### 4.1.2 Stillingsramme

**Tabell 4-1 Stillingsramme - staben**

Stilling	2015	2014	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Fagleiar	2,0	2,0	0,0	
Rådgjevar	0,8	0,8	0,0	
Saksbehandlar/sekretær	5,8	6,4	-0,6	Bortfall delar av vakant stilling
<b>Totalt</b>	<b>9,6</b>	<b>10,2</b>	<b>-0,6</b>	

#### 4.1.3 Økonomiske hovedtal

**Tabell 4-2 Økonomiske hovedtal**

<b>12 STAB</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Bud(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	5 505 000	5 775 000	4 041 576
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	2 080 000	1 450 000	964 353
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	220 000	917 000	290 679
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 608 000	1 647 000	1 254 404
14 OVERFØRINGAR	0	0	237 183
15 FINANSERINGSUTGIFTER	0	0	322
<b>Sum utgifter</b>	<b>9 413 000</b>	<b>9 789 000</b>	<b>6 788 516</b>
16 SALGSINNTEKTER	-1 390 000	-900 000	-1 327 893
17 REFUSJONER	-72 000	-92 000	-272 954
18 STATSTILSKOT	-220 000	-140 000	-201 648
<b>Sum inntekter</b>	<b>-1 682 000</b>	<b>-1 132 000</b>	<b>-1 802 495</b>
<b>Sum 12 STAB</b>	<b>7 731 000</b>	<b>8 657 000</b>	<b>4 986 022</b>

#### 4.1.4 Tiltak

- Vidare implementering av digitalt internkontrollsysten
- Det blir arbeida for å etablere fullelektronisk arkiv i 2015
- Vidareutvikling av nettsidene
- Vidareutvikling av planar og rutinar på personalområdet

#### 4.1.5 Det moderne Øystre Slidre

Prosjektet er no inne i sluttfasen, siste år for prosjektet er i utgangspunktet 2015, jf. vedtak i Kommunestyret i sak 094/11. Når det gjeld bruk av prosjektmidlar i 2015, gjorde Kommunestyret i sak 045/14 vedtak om å digitalisere eigedomsarkiva til kommunen gjennom bruk av midlar frå prosjektet «Det moderne Øystre Slidre». Estimert kostnad er om lag 1,5 mill kr. Dette betyr at ubrukte midlar frå 2014 må overførast til 2015, og at alle prosjektmidla for 2015 truleg vil måtte nyttast til dette arbeidet.

#### Følgjande tiltak gjennomført i prosjektet så langt:

- Nytt design på nettsidene, med innføring av tenesteskildringar og fleire elektroniske skjema.
- Elektronisk samhandling mellom foreldre og skule over SMS
- Bestilling av legetimar over internett
- Elektronisk dokumentbehandling for politiske møte (politikarportalen), med nettrett til politikarar
- Innkjøp av videokonferanseutstyr
- Digitalt kvalitetssikringssystem, med avviksbehandling og system for varsling
- Kjøpt inn nye elev-PCar i skulane, for å bidra til vesentleg større PC-tettleik i skulane
- System for varsling av innbyggjarar via SMS/talemelding ved kriser
- Installert telefonar til beredskapsbruk på møterom
- Kjøpt inn satelittelefonar til beredskapsbruk

- Nytt møblement og kaffeautomat Tingvang
- Kjøpt inn nytt scannerutstyr til postmottak

**Stabsavdelinga har ansvar for følgjande hovudområde:**

- Post/arkiv
- Politisk møtesekretariat
- Sentralbord
- Lønn/personal
- Rekneskap (kommunekasse)
- Informasjon
- ”Det moderne Øystre Slidre” (prosjekt)
- Div. saksbehandling

## 5 Planavdelinga

### 5.1.1 Mål, status og sentrale utviklingstrekk

Planavdelinga har klare mål om å betre responsen mellom vedtekne politiske mål og fysisk planlegging og gjennomføring. Ved å samle all plankompetanse i ei avdeling er føresetnadene for å lukkast med dette gode.

Det fremste målstyringsverktyet er planstrategidokumentet for Øystre Slidre. Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for planavdelinga:

#### Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal syte for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet.
- Øystre Slidre kommune skal bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar.
- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.

#### Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- Øystre Slidre skal vere ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.

#### Nærings- og samfunnsutvikling

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur for nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidsretta næringsliv.
- Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar mulighetene og vågar å gripe dei. For å kunne vere blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga.

#### Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får mulighet til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.

#### Samferdsel

- Øystre Slidre skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E-16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå til denne.
- Kommunen skal gjennom regionalt samarbeid arbeide for ei vidareutvikling av Fagernes Lufthamn, Leirin, som rute- og charterflyplass, då kommunen ser dette som særskilt viktig for å støtte opp om reiseliv, varehandel og privat tenesteyting i Valdres. Øystre Slidre skal utvikle eigen trafikksirkningsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide for sykkel- og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegane.
- Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområder og attraksjonar som rettar seg.

#### Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland
- Kommunen skal gjennom Samfunnsplanen tilrettelege for arbeidsplassar, nyskaping, samt lokal grendeutvikling og nærmiljøtiltak og trivselstiltak for dette.

- Regional sentrumsutbygging: Beitostølen skal byggast ut vidare, og vere ein av tre framtidige sentrum i regionen, saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira..

## Kommunaltekniske tenester

- Øystre Slidre skal gjennom *Arealdelen* til kommuneplana sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.
- Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass- og avlaupsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
- Kommunen vil og arbeide for at dei delane av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer forureiningsfare.
- Kommunen skal vere i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.

## Idrett og kultur

- Kommunen skal støtte opp om gode kultur- og idrettsarrangement på ein slik måte at det stimulerer drifta i frivillige lag og organisasjonar, og som er eit verktøy i næringsutvikling. Gjennom *Samfunnsdelen* skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet.

### 5.1.2 Stillingsramme

<b>Stilling</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>	<b>Merknad</b>
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Planleggar/jurist	2,8	2,8	0,0	
Fagsjef miljø	1,0	1,0	0,0	
Rådgjevar	0,8	0,8	0,0	
Økonomisjef	0,0	1,0	-1,0	Overført til administrativ leiing
<b>Totalt</b>	<b>5,6</b>	<b>6,6</b>	<b>-1,0</b>	

### 5.1.3 Økonomiske hovedtal

Tabell 5-1 Økonomiske hovedtal - planavdelinga

<b>15 PLAN</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Bud(end) 2014</b>	<b>Regnskap 2013</b>
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	3 921 000	3 834 000	3 329 140
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	124 000	115 000	146 471
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR	240 000	220 000	700 709
13 KJØP AV TENESTER FRA ANDRE	120 000	112 000	146 915
14 OVERFØRINGAR	0	0	213 124
<b>Sum utgifter</b>	<b>4 405 000</b>	<b>4 281 000</b>	<b>4 536 360</b>
16 SALGSINNTEKTER	0	-83 000	0
17 REFUSJONER	-51 000	-59 000	-317 078
19 FINANSINNTEKTER	0	0	-28 067
<b>Sum inntekter</b>	<b>-51 000</b>	<b>-142 000</b>	<b>-345 145</b>
<b>Sum 15 PLAN</b>	<b>4 354 000</b>	<b>4 139 000</b>	<b>4 191 214</b>

## 6 Opplæring og kultur

### 6.1 Felles for området

#### 6.1.1 Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for området oppvekst og næring:

#### Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar.
- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.

#### Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- Øystre Slidre skal vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- Øystre Slidre kommune skal stimulere frivilligheit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon.

#### Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.

#### Oppvekst og læring

- Øystre Slidre kommune skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring.
- Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like muligheter for utvikling.
- Evna til nyskaping og kunnskap for å kunne ta eigne og gode val for framtida skal stimulerast.
- I Øystre Slidre skal det vere garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle.

#### Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland

#### Idrett og kultur

- Øystre Slidre skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.
- Øystre Slidre ynskjer å vere den beste idrettskommunen i Oppland, og arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i heile kommunen.
- Kommunen skal støtte opp om gode kultur- og idrettsarrangement på ein slik måte at det stimulerer drifta i frivillige lag og organisasjonar, og som er eit verktøy i næringsutvikling. Gjennom *Samfunnsdelen* skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet.

### 6.1.2 Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA)

Her er ei kortfatta oversikt over sentrale KOSTRA-tall som viser noko om kvaliteten på tenestene, økonomisk prioritering, dekningsgrader og produktivitet/einingskostnader.

**Tabell 6-1 Kvalitetsindikatorar - Opplæring og kultur**

	Øystre Slidre			Komm. gruppe2	Oppland	Landet
	2013	2012	2011	2013	2013	2013
Gjennomsnittlig gruppstørrelse, 8.-10.årstrinn	13,1	13,1	11,7	12,8	13,5	14,4
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent førskolelærerutdanning	88,9	83,3	100	85,4	89,0	87,3
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m <sup>2</sup> ) Enhett : Kvadratmeter	8,7	8,3	9,3	7,1	5,9	5,5
Besøk i folkebibliotek per innbygger	7,2	6,2	3,5	3,8	4,6	4,2
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1579	1561	1627	1925	1977	1949

Kjelde: SSB, KOSTRA.

Tabellen viser at det er satsa på barn i barnehage og elevar i skulen. Det er ei lita auke av nettoutgifter til kultursektoren pr innbyggjar, kommune ligg under dei vi samanliknar oss med. Det er ei god utvikling av besøk på folkebiblioteket.

**Tabell 6-2 Prioriteringar - Opplæring og kultur**

	Øystre Slidre			Komm. gruppe2	Oppland	Landet
	2013	2012	2011	2013	2013	2013
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 214, 215, 222, 223) i prosent av samla nettodriftsutgifter	26,7	27,8	30,9	24,9	23,8	23,5
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	115 226	99 935	88 142	116 611	114 788	120 137
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,8	3,7	3,3	3,4	3,7	3,8

Kjelde: SSB, KOSTRA.

Tabellen viser at kommunen brukar prosentvis meir på grunnskulen enn dei vi samanliknar oss med, men på barnehage er kostnaden for kvart barn mindre enn kommunegruppe 2 og landet. Den delen av kommunen sitt budsjett som vert brukt på kultursektoren ligg under dei vi samanliknar oss med og prosentdelen er redusert frå 2012 til 2013.

**Tabell 6-3 Dekningsgrad - Opplæring og kultur**

	Øystre Slidre			Komm. gruppe2	Oppland	Landet
	2013	2012	2011	2013	2013	2013
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning Enhett : Prosent	10,4	11,0	9,2	10,1	7,7	8,3
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt Enhett : Prosent	19,4	25,2	22,3	19,3	17,4	17,6
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	92,5	91,7	88,4	90,0	91,3	90,0
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	49,1	48,0	40,5	25,2	18,1	14,8

Kjelde: SSB, KOSTRA.

Tabellen viser at andelen elevar som treng spesialundervisning har gått ned og andel timer brukt på spesialundervisning har vorte redusert. I kulturskulen får svært mange elevar tilbod. Talet på barn 1-5 år med barnehageplass ligg over dei vi samanliknar oss med.

**Tabell 6-4 Produktivitet/einingskostnad - Opplæring og kultur**

	Øystre Slidre			Komm. gruppe2	Oppland	Landet
	2013	2012	2011	2013	2013	2013
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, , 215, 222, 223), per elev Enhet : Kroner	125 932	122 107	110 148	119 115	115 184	105 763
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	156 025	137 046	133 807	160 494	156 039	163 708
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	4689	3 741	3.583	3417	2916	2148
Netto driftsutgifter til folkebibliotek (F370) Enhet : Prosent	20,6	19,2	19,9	17,2	16,5	13,9

Kjelde: SSB, KOSTRA.

Tabellen viser at Øystre Slidre kommune har høgre utgifter til skule enn dei vi samanliknar oss med. Det skuldast m.a. mykje spesialundervisning, høg lærartettleik og auka avskrivningar til nye skulebygg. Utgifter til bibliotek ligg godt over kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. I barnehagen er utgiftene låge målt mot dei vi samanliknar oss med. Dette kan m.a. skuldast at kommunen har lukkast med å få til fleksibel bemanning.

### 6.1.3 Stillingsramme

**Tabell 6-5 Stillingsramme - Opplæring og kultur**

Verksemد	2015	2014	Endring
200 - Skule og bhg - adm	2,0	1,0	1,0
211 - ØSUS	17,2	17,5	-0,3
212 - Rogne skule	17,4	16,5	0,9
215 - Lidar skule	17,4	19,1	-1,7
217 - BHSS skuleavd.	2,0	2,0	0,0
231 - Tingvang barnehage	9,6	9,2	0,4
232 - Rogne barnehage	11,5	11,0	0,4
236 - Beito barnehage	10,1	10,3	-0,1
25 - Kultur	7,0	6,6	0,4
<b>Totalt</b>	<b>94,2</b>	<b>93,2</b>	<b>1,0</b>
210 - Lærlingverksemda	6,0	5,0	1,0

**Tabell 6-6 Stillingsramme - Skule og bhg - administrasjon**

Stilling	2015	2014	Endring	Merknad
Kommuneleiar	1,0	1,0	0,0	
Prosjektstilling - fylkeskom	1,0	0,0	1,0	Prosjektst. eksternt finansiert ( frå 1.1.-14
<b>Totalt</b>	<b>2,0</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>	

### 6.1.4 Økonomiske hovudtal – nettobudsjett per ansvarsområde

Tabell 6-7 Økonomiske hovudtal - Opplæring og kultur

2 Opplæring og Kultur	Budsjett 2015	Buds(end) 2014	Regnskap 2013
20 OPPLÆRING OG KULTUR FELLES	6 516 000	6 952 000	6 959 730
21 Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE	12 636 000	13 095 000	13 015 842
22 ROGNE SKULE	11 656 000	10 526 000	10 318 277
23 LIDAR SKULE	12 068 000	12 734 000	12 230 868
25 TINGVANG BARNEHAGE	4 166 000	4 046 000	4 013 352
26 ROGNE BARNEHAGE	5 006 000	4 898 000	4 537 941
27 BEITO BARNEHAGE	4 525 000	4 607 000	4 042 312
29 KULTUR	9 659 000	9 419 000	8 667 586
<b>Sum område: 2 Opplæring og Kultur</b>	<b>66 232 000</b>	<b>66 277 000</b>	<b>63 785 908</b>

Tabell 6-8 Økonomiske hovudtal - Fellesområdet på Opplæring og kultur

20 OPPLÆRING OG KULTUR FELLES	Budsjett 2015	Buds(end) 2014	Regnskap 2013
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	4 132 000	3 231 000	3 469 657
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	649 000	636 000	779 209
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	46 000	46 000	35 198
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 999 000	1 990 000	1 943 811
14 OVERFØRINGAR	2 611 000	2 643 000	2 649 026
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	8 623
<b>Sum utgifter</b>	<b>9 437 000</b>	<b>8 546 000</b>	<b>8 885 523</b>
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-10 930
17 REFUSJONER	-2 879 000	-1 552 000	-1 712 588
18 STATSTILSKOT	-42 000	-42 000	-108 998
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-93 277
<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 921 000</b>	<b>-1 594 000</b>	<b>-1 925 793</b>
<b>Sum 20 OPPLÆRING OG KULTUR FELLES</b>	<b>6 516 000</b>	<b>6 952 000</b>	<b>6 959 730</b>

## 6.2 Grunnskule

### 6.2.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

Læreplanverket for Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet legg føringar for undervisninga. Det vert lagt vekt på elevane si måloppnåing og Kunnskapsløftet legg såleis sterkt vekt på læringsutbyttet.

*Stortingsmelding 16 (2006/07) ”.. og ingen sto igjen. Tidleg innsats for livslanglæring.”*

Meldinga peiker på at dette inneber systematisk vurdering, tilbakemelding og målretta oppfølging av elevane si læring.

*Stortingsmelding 31 (2007-08) ”Kvalitet i skolen”*

Kvalitet på tenesteområdet inneber motiverte og kvalifiserte tilsette og leiarar. Det må leggjast vekt på eit sosialt, fagleg og godt lærings- og oppvekstmiljø. Alle elevar som går ut av

grunnskulen skal meistre grunnleggande ferdigheter (uttrykke seg munnleg og skriftleg, kunne lese, skrive og bruke digitale verktøy) som gjer dei i stand til å delta vidare i utdanning og arbeidslivet. Alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring.

#### *Stortingsmelding 22 (2010-11) "Motivasjon, mestring og muligheter"*

Det viktige i denne meldinga er ei fornying av ungdomstrinnet. Dette skal skje gjennom ei brei tilnærming til kunnskap og til læring. Innsatsområda som er de meste sentrale er: auka valfridom gjennom innføring av valfag, meir praktisk tilnærming til faga, god læring gjennom godt læringsmiljø gjennom betre klasseleiing og betre opplæring i lesing og rekning.

### 6.2.2 Status

Det er 364 elevar ved grunnskulen i Øystre Slidre, elevane fordeler seg slik:

- Rogne skule: 120 elevar
- Lidar skule: 116 elevar
- Øystre Slidre ungdomsskule: 111 elevar

Skulane arbeider med klare målsettingar for elevane. Ein viktig del av arbeidet er gode tilbakemeldingar og målretta oppfølging av elevane.

Fagresultata i grunnskulen er svært gode. På eksamen i matematikk, norsk hovudmål og norsk sidemål våren 2013 var resultata betre eller likt enn på nasjonalt nivå. Elevane trivast godt med kvarandre og med lærarane. For våren 2014 lik eller betre enn landet. Det vert lagt vekt på å utvikle lærarane sin relasjonskompetans og at dei kan gjere gode pedagogiske analyser. Dei fleste lærarane i kommunen er fagutdanna med unntak av tre. Lærarane har høg kompetanse.

Det vert arbeidt systematisk for å skape eit godt læringsmiljø med trykk på læring. På 1.-4 trinn på begge barneskulane ligg det ekstra timeressursar (tidleg innsats) for å kunne sette inn ekstra hjelp der det trengst. Behovet for spesialundervisning har vore redusert dei siste åra.

### Tabellen viser resultat av nasjonal undersøkingar og fagresultat

	Øystre Slidre kommune					2013-14			
	2009	2010	2011	2012	Lidar	Rogne	ØSUS	ØSK	Nasjonalt
<b>Mål for skulane over nasjonalt</b>									
<b>Nasjonaleprøver 5.kl</b>									
Lesing	2,0	2,2	2,0	2,0	2,5	2,1		2,3	2,0
Rekning	2,1	2,3	1,9	2,0	2,8	1,7		2,2	2,0
Engelsk	2,2	2,1	?		2,4	2,1		2,3	2,0
<b>Nasjonaleprøver 8.kl</b>									
Lesing	3,1	3,6	3,2	3,2			3,3		3,1
Rekning	3,1	3,4	3,3	3,1			3,4		3,1
Engelsk	2,6	2,9	3,1	2,9			2,9		3,0
<b>Nasjonaleprøver 9.kl</b>									
Lesing		3,6	3,6	3,7			3,5		3,4
Rekning		3,7	3,8	3,7			3,3		3,4
<b>Eksamens 2013</b>									
Norsk hovudmål	3,2	ingen	3,3				3,6		3,6
Norsk sidemål	3,4	ingen	3,3				3,4		3,2
Matematikk	3,4	3,4	ingen	2,7			3,3		3,1
Engelsk	3,2	3,2	3,8	3,7			-		

	2009	2010	2011	2012	Lidar	Rogne	Øsus	ØSK	Nasjonalt
<b>Grunnskulepoeng 2013</b>	38,9	40,1	38,1	40,6			41,7		40,0
<b>2013-14</b>									
<b>Elevundersøking 7. trinn</b>								ØSK	Nasjonalt
Trivsel med lærarane								4,3	4,4
Støtte frå lærar								4,3	4,3
Støtte frå heimen								4,2	4,3
Fagleg utfordring								3,9	3,9
Vurdering for læring								3,8	3,8
Læringskultur								4,1	3,8
Meistring								4,0	4,0
Motivasjon								4,1	3,9
Elevdemokrati								3,7	3,7
Felles reglar								4,1	4,3
Mobbing på skulen								1,3	1,3
<b>Elevundersøking 10.trinn</b>									
Trivsel								4,0	4,2
Støtte frå lærar								3,9	3,9
Støtte frå heimen								4,1	3,9
Fagleg utfordring								4,3	4,1
Vurdering for læring								3,5	3,2
Læringskultur								3,9	3,4
Meistring								4,1	3,9
Motivasjon								3,5	3,5
Elevdemokrati								3,7	3,2
Felles reglar								3,7	3,8
Mobbing på skulen								1,4	1,3

### Resultat våren 2014

Eksamenspoeng	ØSK	Oppland	Landet
Norsk hovedmål	3,4	3,4	3,4
Norsk sidemål	3,4	3,0	3,4
Matematikk	3,2	2,9	3,0
Grunnskulepoeng	39,8	39,7	40,4

### 6.2.3 Øystre Slidre ungdomsskule – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 6-12 Stillingsramme - Øystre Slidre ungdomsskule

Stillingsramme	2015	2014	Endring	Merknad
Rektor	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent skule	1,2	0,9	0,4	Auke behov
Lærar grunnskule	14,6	15,3	-0,7	Overført frå Rogne
Sekretær	0,4	0,4	0,0	
<b>Totalt</b>	<b>17,2</b>	<b>17,5</b>	<b>-0,3</b>	

**Tabell 6-13 Økonomiske hovedtal - Øystre Slidre ungdomsskule**

<b>21 Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Buds(end) 2014</b>	<b>Regnskap 2013</b>
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	11 000 000	11 478 000	11 097 500
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 398 000	1 456 000	1 207 122
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	46 000	44 000	239 101
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 009 000	936 000	1 258 506
14 OVERFØRINGAR	0	0	126 999
15 FINANSERINGSUTGIFTER	0	0	125 075
<b>Sum utgifter</b>	<b>13 453 000</b>	<b>13 914 000</b>	<b>14 054 302</b>
16 SALGSINNTEKTER	0	0	-101 369
17 REFUSJONER	-817 000	-819 000	-810 781
18 STATSTILSKOT	0	0	-126 310
<b>Sum inntekter</b>	<b>-817 000</b>	<b>-819 000</b>	<b>-1 038 461</b>
<b>Sum 21 Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE</b>	<b>12 636 000</b>	<b>13 095 000</b>	<b>13 015 842</b>

#### 6.2.4 Lidar skule – stillingsramme og økonomiske hovedtal

**Tabell 6-14 Stillingsramme - Lidar skule**

<b>Stilling</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>	<b>Merknad</b>
Rektor	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent SFO	0,7	1,2	-0,5	
Fagarbeidar/assistent skule	2,2	3,2	-1,0	Redusert behov
Lærar grunnskule	13,2	13,4	-0,2	
Sekretær	0,2	0,2	0,0	
<b>Totalt</b>	<b>17,4</b>	<b>19,1</b>	<b>-1,7</b>	

**Tabell 6-15 Økonomiske hovedtal - Lidar skule**

<b>LIDAR SKULE</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Buds(end) 2014</b>	<b>Regnskap 2013</b>
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	10 573 000	11 572 000	11 134 742
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 300 000	1 259 000	1 194 129
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	32 000	28 000	238 030
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	823 000	763 000	720 449
14 OVERFØRINGAR	0	0	67 051
15 FINANSERINGSUTGIFTER	0	0	5 404
<b>Sum utgifter</b>	<b>12 728 000</b>	<b>13 622 000</b>	<b>13 359 805</b>
16 SALGSINNTEKTER	-263 000	-363 000	-324 679
17 REFUSJONER	-397 000	-525 000	-794 258
18 STATSTILSKOT	0	0	-10 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>-660 000</b>	<b>-888 000</b>	<b>-1 128 937</b>
<b>Sum 23 LIDAR SKULE</b>	<b>12 068 000</b>	<b>12 734 000</b>	<b>12 230 868</b>

#### 6.2.5 Rogne skule – stillingsramme og økonomiske hovedtal

**Tabell 6-16 Stillingsramme - Rogne skule**

<b>Stilling</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>	<b>Merknad</b>
Rektor	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent SFO	0,6	0,6	0,0	
Fagarbeidar/assistent skule	1,9	1,7	0,2	Auka behov
Lærar grunnskule	13,7	13,0	0,7	Overført til ØSUS
Sekretær	0,2	0,2	0,0	
<b>Totalt</b>	<b>17,4</b>	<b>16,5</b>	<b>0,9</b>	

**Tabell 6-17 Økonomiske hovedtal - Rogne skule**

<b>ROGNE SKULE</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	10 722 000	9 988 000	9 970 282
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 358 000	1 316 000	980 839
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	36 000	33 000	346 671
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	946 000	877 000	976 055
14 OVERFØRINGAR	0	0	99 207
15 FINANSERINGSUTGIFTER	0	0	750
<b>Sum utgifter</b>	<b>13 062 000</b>	<b>12 214 000</b>	<b>12 373 804</b>
16 SALGSINNTEKTER	-387 000	-368 000	-314 071
17 REFUSJONER	-1 019 000	-1 320 000	-1 721 455
18 STATSTILSKOT	0	0	-20 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>-1 406 000</b>	<b>-1 688 000</b>	<b>-2 055 526</b>
<b>Sum 22 ROGNE SKULE</b>	<b>11 656 000</b>	<b>10 526 000</b>	<b>10 318 277</b>

### 6.2.6 Tiltak i grunnskulen

- Prosjekt; "Leiing for læring" forset ut våren 2015 i samarbeid med Høgskulen i Hamar . Målet er å auke kvaliteten på undervisninga
- Øystre Slidre ungdomsskule er med i 1. pulje i den nasjonale satsing « Ungdomstrinnet i utvikling». Tema i 2014 har vore klasseleing og frå hausten 2014 vert det og arbeidd med den grunnleggjande ferdigheita rekning.
- Det skal lagast ein utviklingsplan der barneskulane frå hausten 2015 også arbeider med den grunnleggjande ferdighet rekning. I tida 2016-17 vil det vere den grunnleggjande ferdigheita skriving som det vert fokus på.
- Det er sett av 250 000 kr på investeringsbudsjettet for å ferdigstille kantine på ØSUS
- Fruktordninga på ØSUS er teke ut.
- Budsjettet for 2015 er redsuserert med 20% stilling for å kunne auke opningstida i barnehagane

## 6.3 Barnehage

### 6.3.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

*Lov om barnehagar med Forskrift om rammeplan*

er styrande for barnehagen sitt samfunnsmandat, innhald og oppgåver. Barnehagen skal ha ein helsefremmande og ein førebyggande funksjon og bidra til å utjamne sosiale forskjellar.

Innhaldet skal bygge eit heilskapleg læringsssystem der omsorg, leik og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse samt sju fagområde viktige delar av barnehagen sitt læringsmiljø. Lov om barnehagar, § 12, lovfestar rett til barnehageplass når barnet fyller eitt år før utgangen av august.

Rammeplanen gjev barnehagen ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd. Barnehagen sin eigar kan tilpasse rammeplane til lokale tilhøve.

#### *St. meld. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen.*

Regjeringa har valt tre hovudområde for kvalitetsarbeidet i barnehagen:

1. Sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar
2. Styrke barnehagane som læringsarena
3. Alle barn skal få delta i eit aktivt i eit inkluderande fellesskap

### 6.3.2 Status

Pr. 30.09.14 hadde 131 barn plass i dei kommunale barnehagane i Øystre Slidre:

- Beito barnehage: 42barn
- Rogne barnehage: 48 barn
- Tingvang barnehage: 40 barn

I tillegg hadde 24 barn plass i Heggebø private barnehage.

Samla sett har kommunen nok personell med pedagogisk kompetanse i barnehagane.

Kommunestyret vedtok i sak 020/07 "Organisering av barnehagetilbodet i Øystre Slidre", m.a. følgjande:

*Øystre Slidre skal ha full barnehagedekning og Rådmannen har fullmakt til å bemanne etter behov.*

Som ein konsekvens av kommunestyrevedtaket, tek kommunen inn nye ungar i barnehagane gjennom heile året (sjølv om hovudopptaket skjer på våren), og justerer bemanninga opp i ned etter behovet gjennom året. På denne måten er det i prinsippet aldri overbemanning i barnehagen, men det er også vanskeleg i økonomiplanen å fastslå med sikkerheit kor stor bemanning som vil vere i barnehagen komande år og i økonomiplanperioden..

Kommunen ligg lågare i korrigerte driftsutgifter pr barn enn dei vi samanliknar oss med.

Bygging av ny barnehage i Rogne er godt i gang. Innflytting er planlagd å vere ferdig til nytt barnehageår 15. august 2015. Heggebø barnehage har søkt om å få utvide frå 24 plassar til 36 plassar. Plassering av barn i dei ulike barnehagane vert teke stilling til når hovudopptaket vert gjort i februar/mars 2015.

Kompetanse på arbeid med språkutvikling hos barnehagebarn er auka ved at alle pedagogane har hatt tilbod om å delta på systematisk kompetanseheving. Etter prosjektet «Barns trivsel» har personalet vorte meir bevisste korleis det enkelte barn har det og vert teke vare på.

### 6.3.3 Beito barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

**Tabell 6-18 Stillingsramme - Beito barnehage**

Stillingsramme	2015	2014	Endring	Merknad
----------------	------	------	---------	---------

Barnehagestyrar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent/førskulelærar	6,2	6,5	-0,2	Vidareføring av dagens nivå + ½ t utvida opningstid
Pedagogisk leiar	2,9	2,8	0,1	Spesped tiltak
<b>Totalt</b>	<b>10,1</b>	<b>10,3</b>	<b>-0,1</b>	

**Tabell 6-19 Økonomiske hovedtal - Beito barnehage**

<b>BEITO BARNEHAGE</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	5 633 000	5 641 000	5 071 008
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	240 000	228 000	193 479
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	15 000	15 000	45 688
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	56 000	52 000	71 920
14 OVERFØRINGAR	-	-	43 373
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	6 038
<b>Sum utgifter</b>	<b>5 944 000</b>	<b>5 936 000</b>	<b>5 431 506</b>
16 SALGSINNTEKTER	-1 125 000	-1 009 000	-960 137
17 REFUSJONER	-294 000	-320 000	-405 999
18 STATSTILSKOT	-	-	-23 058
<b>Sum inntekter</b>	<b>-1 419 000</b>	<b>-1 329 000</b>	<b>-1 389 194</b>
<b>Sum 27 BEITO BARNEHAGE</b>	<b>4 525 000</b>	<b>4 607 000</b>	<b>4 042 312</b>

### 6.3.4 Tingvang barnehage – stillingsramme og økonomiske hovedtal

**Tabell 6-20 Stillingsramme - Tingvang barnehage**

<b>Stilling</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>	<b>Merknad</b>
Barnehagestyrar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	5,8	5,4	0,4	Vidareføring av dagens nivå + ½ t opningstid
Pedagogisk leiar	2,8	2,8	0,0	
<b>Totalt</b>	<b>9,6</b>	<b>9,2</b>	<b>0,4</b>	

**Tabell 6-21 Økonomiske hovudtal – Tingvang barnehage**

<b>25 TINGVANG BARNEHAGE</b>	Budsjett 2015	Buds(end) 2014	Buds(end) 2013
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	5 258 000	5 031 000	5 056 356
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	194 000	180 000	246 832
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	16 000	16 000	40 409
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	56 000	52 000	62 525
14 OVERFØRINGAR	0	0	52 015
15 FINANSERINGSUTGIFTER	0	0	3 145
<b>Sum utgifter</b>	<b>5 524 000</b>	<b>5 279 000</b>	<b>5 461 280</b>
16 SALGSINNTEKTER	-1 077 000	-936 000	-951 661
17 REFUSJONER	-281 000	-297 000	-484 739
18 STATSTILSKOT	0	0	-11 529
<b>Sum inntekter</b>	<b>-1 358 000</b>	<b>-1 233 000</b>	<b>-1 447 929</b>
<b>Sum 25 TINGVANG BARNEHAGE</b>	<b>4 166 000</b>	<b>4 046 000</b>	<b>4 013 352</b>

### 6.3.5 Rogne barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

**Tabell 6-22 Stillingsramme - Rogne barnehage**

Stilling	2015	2014	Endring	Merknad
Barnehagestyrar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	5,7	6,2	-0,5	Vidareføring av dagens nivå +1/2 t opningstid
Pedagogisk leiar	4,8	3,8	1,0	
<b>Totalt</b>	<b>11,5</b>	<b>11,0</b>	<b>0,5</b>	

**Tabell 6-23 Økonomiske hovudtal - Rogne barnehage**

<b>ROGNE BARNEHAGE</b>	Budsjett 2015	Buds(end) 2014	Regnskap 2013
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	6 356 000	6 185 000	5 526 956
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	245 000	233 000	284 378
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	22 000	22 000	123 820
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	56 000	52 000	71 920
14 OVERFØRINGAR	0	0	73 170
15 FINANSERINGSUTGIFTER	0	0	11 047
<b>Sum utgifter</b>	<b>6 679 000</b>	<b>6 492 000</b>	<b>6 091 290</b>
16 SALGSINNTEKTER	-1 312 000	-1 196 000	-1 162 804
17 REFUSJONER	-361 000	-398 000	-369 016
18 STATSTILSKOT	0	0	-21 529
<b>Sum inntekter</b>	<b>-1 673 000</b>	<b>-1 594 000</b>	<b>-1 553 349</b>
<b>Sum 26 ROGNE BARNEHAGE</b>	<b>5 006 000</b>	<b>4 898 000</b>	<b>4 537 941</b>

### 6.3.6 Tiltak i barnehagen

- Tildele barnehageplass etter fylt eitt år.
- Frå 15. aug 2015 auka opningstid frå 07.15-16.45 til 07.00-17.00
- Utviding av opningstid med 0,5t pr. dag i alle barnehagane, utgjer ei samla stillingsauke på 20%
- Stillingsauke på 60% frå august 2015, spesialpedagogisk tiltak.

- Kontinuerleg justere bemanning etter tal på plassar i barnehagen .
- Samarbeidet om kompetanseheving og kvalitetsutvikling av barnehagane i Valdresregionen held fram
- Ta i bruk nytt førhenvisning- og henvisningsskjema frå PPT når barn i førskulealder treng vurdering av om det er behov for spesialpedagogisk hjelp
- Kompetanseheving og bruk av eksisterande og nye IKT-verktøy

## 6.4 Kultur

Verksemda. omfattar:

- Kultur
- Kulturskule
- Bibliotek
- Frivilligsentralen

### 6.4.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

*Kulturlova §1*

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksem, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfold av kulturuttrykk.

*Kulturløftet I & II (2005-2009&2009-2014)*

Kulturløftet hevar kulturen sin status som samfunns- og politikk område. Regjeringa har ein visjon om at Noreg skal vere ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kultur i alle delar av samfunnslivet. Kunst og kultur har stor verdi i seg sjølv. Samtidig har kultur stor betydning for andre samfunnsmål som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet.

### 6.4.2 Status

#### Kulturskulen

Kulturskulen gjev eit breitt tilbod i alle kunstfag. 200 elevar får undervisning kvar veke i eigne lokale over biblioteket, samt på Lidar skule, Rogne skule og i barnehagane.

Ved hjelp av prosjektmidlar er kulturskulen ute på skulane og i barnehagane med kulturaktivitetar retta mot klassisk musikk og folkemusikk.

Det er venteliste på gitar, song og slagverk. Fleire elevar deltek på talentprogram; på Barratt Due, Gjøvik kulturskole og Valdresakademiet. Kulturskulen har høg aktivitet og mange eigne forestillingar gjennom året. I tillegg deltek blir elevane ofte spurta om å opptre på ulike arrangement både i og utanfor kommunen. Kulturskulen driv billig per elev.

#### Biblioteket

Biblioteket har gode lokale, stort besøk og høgt utlån. I tillegg til ordinær verksem, er biblioteket involvert i eit ytringsfridomsprosjekt for ungdom og har også inngått ein samarbeidsavtale med «Leser søker bok» for å synleggjera og formidle litteratur til lesesvake, flyktningar og eldre.

Biblioteket tilbyr også rettleiing i databruk for eldre. Utvidinga med skulebibliotek både på Rogne skule og Lidar skule fungerar bra og gjev høve til direkte formidling til barn og unge. Samarbeidet med dei andre biblioteka i Valdres er godt.

## **Ungdomsklubb**

Ungdomsklubben er eit stabilt og godt tilbod, med jamnt høgt besøkstall og gode planer for vidare drift.

## **Kultur og idrett**

### **DKSS**

Formålet med Den Kulturelle Spaserstokk er å gjennomføre kulturtiltak av høg kvalitet til eldre og pleietrengande i omsorgsbustadar, psykisk sjuke, pensjonistar og eldre i kommunen. I 2014 fekk vi 49 000 til dette formålet. I 2015 får vi 25 000. Dette er foreslått fjerna i neste Statsbudsjett.

### **DKS**

”Den kulturelle skulesekken” gjev gode kulturtildot til skulelevar. Vi får ca 32 000 pr år til dette, og brukar ca 70 000 av eigne midlar. Arbeid med å lage ein kulturplan er i gang, og dette skal sikre at alle elevar i vår kommune får same tilbodet.

Lag og organisasjonar har moglegheit til å søkje kulturtildott – sjå tabell nedanfor.

Idrettslag får hjelp til å søkje eksterne spelemiddel til idrettsanlegg, og kan også søkje frå kommunale middel.

Fjellstafetten har i 12 år vore eit veldig godt tiltak for å få folk ut på tur og fengar både fastbuande og tilreisande. Det var 573 personar fullførte heile stafetten i år. Det er rekord

### **Frivilligsentralen**

Frivilligsentralen har etablert gode rutinar for hjelpeoppdrag og informerer særskilt godt om dei mange aktivitetar og tilbod dei gjev. Frivilligsentralen har 14 faste aktivitetar og fleire enkeltarrangement, og støttar opp om Øystre Slidre småjobbsentral.

#### **6.4.3 Kulturtildott**

**Tabell 6-26 Kulturtildott i Øystre Slidre kommune**

Tildott og overføringer til kultur, idrett og friluftsliv	Budsjett 2015	Budsjett 2014	Regnskap 2013
2511 Idrett og friluftsliv	727 000	727 000	714 000
2512 Friluftsliv	40 000	40 000	40 000
2515 Aktivitet born og unge	135 000	135 000	128 165
2516 Musikk og andre kulturtiltak	342 000	342 000	235 850
2516 Trollrock	200 000	200 000	125 000
2523 Museum	122 000	122 000	101 491
<b>Sum</b>	<b>1 566 000</b>	<b>1 566 000</b>	<b>1 344 506</b>

#### **6.4.4 Stillingsramme og økonomiske hovudtal**

**Tabell 6-24 Stillingsramme - Kultur**

Stillingsramme	2015	2014	Endring
Leiar/rektor	1,0	1,0	0,0
Bibliotekar	0,8	0,8	0,0
Biblioteksjef	0,5	0,5	0,0
Kulturkonsulent	0,2	0,2	0,0

Leiar Frivilligsentral	0,4	0,4	0,0
Medarbeidar	0,2	0,2	0,0
Kulturskulelærar	3,3	3,1	0,2
Ungdomsarbeidar	0,7	0,4	0,0
<b>Totalt</b>	<b>7,0</b>	<b>6,6</b>	<b>0,4</b>

**Tabell 6-25 Økonomiske hovudtal – Kultur**

<b>KULTUR</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	4 062 000	3 966 000	3 516 667
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	573 000	555 000	831 721
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	450 000	443 000	673 508
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	686 000	673 000	800 762
14 OVERFØRINGAR	4 782 000	4 707 000	4 898 476
<b>15 FINANSERINGSUTGIFTER</b>	-	-	<b>37 005</b>
<b>Sum utgifter</b>	<b>10 674 000</b>	<b>10 344 000</b>	<b>10 758 139</b>
16 SALGSINNTEKTER	-738 000	-693 000	-888 564
17 REFUSJONER	-64 000	-19 000	-211 382
18 STATSTILSKOT	-113 000	-113 000	-948 018
19 FINANSINNTEKTER	-100 000	-100 000	-42 590
<b>Sum inntekter</b>	<b>-1 015 000</b>	<b>-925 000</b>	<b>-2 090 554</b>
<b>Sum 29 KULTUR</b>	<b>959 000</b>	<b>9 419 000</b>	<b>8 667 586</b>

#### 6.4.5 Tiltak

Den nye kulturavdelinga har etablert eit godt samarbeid mellom kultur, kulturskule, bibliotek og frivilligsentralen, og arbeider for å styrke det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.

#### Kulturskule

- Ny rammeplan for kulturskulen er vedtatt og skal no implementerast.
- Prøver å gå nye vegar for å rekruttere elevar til korpsaktivitetar.
- Satsar på vår unike ubrutte folkemusikktradisjon, med særleg vekt på langeleik

#### Kultur

- Ei frivilliggruppe med ungdommar er etablert og har ført til eit betre eigarforhold til ungdomsklubben
- Sikre gode og stabile lokale for ungdomsklubben i åra framover.
- Mekketilbod på klubben
- Laga kulturminneplan
- Ruste opp festsalen med måling og scenetepper.
- Utvikle samarbeidet mellom kultur og frivilligarbeid.
- Fortsette med stølsveko, eit godt tilbod til born og ungdom i august og eit bra samarbeid mellom landbruk, fjellstyre, næring og frivillige.

#### 6.4.6 Kyrkjeleg fellesråd

Rammeløyvinga for fellesrådet for 2015 er sett til 3.006.000 kr inkludert 206 000 kr for tenester kommunen yter til fellesrådet. Fellesrådet driv eit systematisk og godt arbeid.

Arbeidet med festeavtaler på kyrkjegardane held fram. Til ekstraordinære tiltak på kyrkjene brukar fellesrådet av sitt bundne fond.

Det er soknerådsvalg i 2015. Hegge stavkyrkje fyller 800 år i 2016 og dette må feirast.

Kanskje kan fleire arrangement spreitt utover heile året som involvere mange aktørar og gjerne i samarbeid med kommune, lag og foreiningar vera ein god idé.

Kyrkjegardsutviding i Volbu må til i løpet av dei nærmaste åra. Utvendig måling av Hegge stavkyrkje kan ein å få støtte til frå Riksantikvaren, og det ville passa fint å få til jubileet.

## 7 Helse og omsorg

### 7.1.1 Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for området Helse og omsorg:

#### Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggerane og gjestene sine grunnleggende behov.

#### Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- Øystre Slidre skal vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- Øystre Slidre kommune skal stimulere frivillig innsats, spesielt overfor eldre, både heimebuande og i institusjon.

#### Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.

#### Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester. Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen, slik intensjonane er i den nye Folkehelselova.
- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får muligkeit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpe ein treng når ein treng det.

#### Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland

### 7.1.2 Sentrale føringar og utviklingstrekk

*St.mld. nr. 25 (2005-2006) – Framtidas omsorgsutfordringer ("Omsorgsmeldinga")*

Omsorgsmeldinga og andre relevante føringar peikar på fleire utviklingstrekk for åra framover. Talet på personar i den eldste delen av befolkninga (80+) vil halde seg stabil fram mot 2020. I løpet av perioden 2020-2030, vil talet på eldre auke betrakteleg og medføre utfordringar for kommunen.

*St.mld. nr. 47 (2007-2008) – Samhandlingsreforma*

Samhandlingsreforma stiller krav til kommunane om større ansvar for helsefremmende, førebyggande arbeid og behandlingstilbod. Forventningar som kjem fram i Stortingsmeldinga, går i retning av meir observasjon av pasientar i staden for innledding. Det er også ei klar forventning om at kommunen skal kunne etterbehandle og rehabilitera etter sjukehusopphald, før pasienten blir utskrivne til eigen heim. Alle desse forventningane gjer at kommunane i distrikta må tenkja nytt og samarbeide for å inneha den kompetansen og fleksibiliteten som

skal til for å handtere dei nye utfordringane. Gjennom samhandlingsreforma legg regjeringa til grunn at kommunane sjølv må finne fram til eigna samarbeidsformer for å sikre at ressursar og kompetanse blir utnytta på best mogleg måte. I den nye helse- og omsorgstenestelova, er det nærmere definert kva ansvar kommunane har.

*St.meld. nr 16 (2010-2011)/ Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015)*

er eit verktøy for fagleg og politisk styring i perioden. Plana skildrar nærmere samhandlingsreforma sine mål og virkemiddel.

### *Demensplan 2015 – "Den gode dagen"*

Dette er ein delplan til omsorgsplan 2015. Den skildrar ei av dei største utfordringane vi står overfor dei neste 10-15 år. Talet på personar med ulike demensslidingar vil auke betrakteleg og dette vil bli ei utfordring for den enkelte kommune.

### *Kompetanseløftet 2015*

Med bakgrunn i personalutfordringane i den kommunale helse- og omsorgstenesta, er det utarbeida ei kompetanse- og rekrutteringsplan, Kompetanseløftet. Denne plana er også ei delplan til omsorgsplan 2015. Plana skal gjelde fram til 2015 og inneheld strategiar og tiltak som også skal møte dei demografiske utfordringane fram mot 2050.

#### 7.1.3 Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA)

Her er ei kortfatta oversikt over sentrale KOSTRA-tall som viser noko om kvaliteten på tenestene, økonomisk prioritering, dekningsgrader og produktivitet/einingskostnader.

**Tabell 7-1 Kvalitetsindikatorar – Helse og omsorg**

	Øystre Slidre			Komm. gruppe2	Oppland	Landet
	2013	2012	2011	2013	2013	2013
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning	79	79	78	77	77	74
Andel sosialhjelppsmottakere med stønad i 6 måneder eller meir (i %)	26,7	24,2	27,1			34,7
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,55	0,52	0,52	0,4	0,55	0,46
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,4	0,24	0,24	0,33	0,31	0,38
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	100	70	100	93	78	79
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning	79	78	83	76	77	74
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	83,7	83,7	83,7	84,9	69,6	77,5
Andel legemeldt sykefravær av totalt antall kommunale årsverk i brukerrettet tjeneste	7,3	9,3	8,7	8,2	9	8,6
System for brukerundersøkelser i institusjon	Ja	Ja	Ja	..	..	..

System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten	Ja	Ja	Ja	..	..	..
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år	2,8	3,1	3,7	:	:	..
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år	5	4,2	3,9	:	:	..
System for brukerundersøkelser i barnevernstjenesten	Ja	Nei	Nei	..	..	..
Innført internkontroll i barnevernstjenesten	Ja	Ja	Ja	..	..	..

Kjelde: SSB, KOSTRA

Det er ei gledeleg utvikling når det gjeld legemeldt sjukefråvær. Mykje talar for at vi får gode effektar av organisasjonsendringane vi gjorde i 2013. Vi fekk o.a. på plass ein leiarstruktur som sikrar at vi i større grad enn før omorganiseringa har myndiggjorte leiarar i dei ulike verksemde, som er synlege og tydelege.

Det er ei lita auke i talet på sosialhjelpsmottakarar som går lengre enn 6 månader på økonomisk sosialstønad i forhold til 2012, men kommunen ligg framleis godt under landet.

Vi ligg fortsatt over kommunegruppa når det gjeld personell med utdanning både på vidaregåande og høgskulenivå. Med bakgrunn i forventningane om at kommunane skal tilby meir spesialisert behandling, er det viktig i åra som kjem å styrke andelen tilsette med relevant utdanning.

Tabell 7-2 Dekningsgrader - Helse og omsorg

	Øystre Slidre			Kom.gr2	Oppland	Landet
	2013	2012	2011	2013	2013	2013
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	25	23	25	22	25	19
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	134	117	103	85	82	71
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	361	411	373	377	347	336
Legeårsverk pr 10 000 innb., kom.helsetj.	11,9	11,9	12	12,8	11,6	10,2
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,7	11,4	10	9,8	11,1	8,9
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	3,3	4,2	2,8	4,1	4	4,1
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	3,5	3,1	2,5	5,4	5,3	4,8
Sosialhjelpsmottakere	90	90	95	:	:	300
Andelen sos.hjelpsmot. i forhold til innbygg	2,8	2,8	3	:	:	2,5

Kjelde: SSB, KOSTRA

Sjølv om Øystre Slidre sine driftsutgifter aukar, ligg kommunen framleis godt under kommunegruppa. Det er også i 2013 eit stort fokus i tenestane på effektivitet og brukerfokus. Elles viser tabellen at det fortsatt er markant auke av brukarar i aldersgruppa 67-79 år. Nytt i

2013 er at vi ser ein nedgang i brukergruppa 80 år og over. Dette er ofte ”tunge” brukarar med høg innsatsfaktor.

**Tabell 7-3 Bruksrater og brukarsammensetning – Helse og omsorg**

	Øystre Slidre			Kom.gr.2	Oppland	Landet
	2013	2012	2011	2013	2013	2013
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år	15,4	17,7	..	17,8	16,9	19,6
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år	24,1	18,2	..	12,3	12,7	12,9
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over	17,9	14,9	..	10,1	13,1	11,7
Andel av <b>alle</b> brukere som har omfattende bistandsbehov	27,4	26	24,4	22,8	22,2	24
Gjsnitt. antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand	4,7	3,9	3,7	7,4	8,3	8,3
Gjsnitt. antall tildelte timer pr uke	4,5	4	3,9	4,6	3,9	4,6
Gjsn.. Ant. tildelte timer i uken. Brukere utenfor inst.	7,3	6,9	7	8,9	9,4	10,1
Gjsnitt antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand	4,7	3,9	3,7	7,4	8,3	8,3

Ein stor del av brukarane våre har fått utarbeidd individuell plan. Her ligg vi godt over kommunegruppa og Oppland. Kommunen har i 2013 innført elektronisk verktøy for å utarbeide individuell plan.

Tabellen syner at kommunen ligg høgt når det gjeld brukarar med høgt bistandsbehov, og det er ei markant ending frå 2010 til 2013. Dette betyr i praksis at fleire treng personell anten til pleie, eller hjelp for å bidra til å oppretthalde livskvaliteten i kvarldagen.

Kommunen tildeler få timer praktisk bistand pr. brukar også i 2013. Dette gjeld og tildelte timer i heimesjukepleia i forhold til talet på brukarar.

**Tabell 7-4 Produktivitet og einingskostnader - Helse og omsorg**

	Øystre Slidre			Komm. gruppe2	Oppland	Landet
	2013	2012	2011	2013	2013	2013
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	767326	777093	686116	904805	965009	976835
Netto driftsutg til forebygging, helsestasj.- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	9105	9214	8604	8424	8524	6825
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	2338	2288	2132	2207	2146	1939
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over	377574	347313	307801	328802	326766	353988
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over	104882	105032	100779	111210	104806	111842

Kjelde: SSB, KOSTRA

Auka i driftsutgiftene for drift av sjukeheimen har flata ut, og er noko redusert etter ein markant vekst frå 2011 til 2012. I 2013 kosta ein sjukeheimslass om lag 140 000,- mindre å drive i Øystre Slidre enn kommunegruppa. Kommunen ligg og i 2013 godt over snittet når det gjeld førebygging for barn og unge. Kommunen meiner det er viktig å satse på førebyggande tiltak for denne aldersgruppa, fordi ein veit at levevanar og holdningar til sunnheit blir skapte tidleg i livsløpet.

Kommunen har aukande utgifter til pleie og omsorgstenesta totalt, men ligg godt under kommunegruppe og Oppland også i 2013.

**Tabell 7-5 Stillingsramme - Helse og omsorg**

<b>Verksemd</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>
Helse og velferd - administrasjon	1,0	1,0	0,0
Systemkontor	1,8	1,8	0,0
Helseavdelinga	18,8	18,6	0,2
Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)	63,8	66,7	-2,9
Miljøtenesta	17,8	16,3	1,5
<b>Totalt</b>	<b>103,1</b>	<b>104,4</b>	<b>-1,3</b>

Nedgangen i årsverk i IHT er grunna i at vi har nedbemannat eit tiltak i psykiatrien.

**Tabell 7-6 Stillingsramme - Helse og omsorg, administrasjon**

<b>Stilling</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>	<b>Merknad</b>
Kommuneleiar	1,0	1,0	0,0	
<b>Totalt</b>	<b>1,0</b>	<b>1,8</b>	<b>-0,8</b>	

Nedgangen i årsverk er grunna i at rådgjevar er flytt til Planavdelinga.

**Tabell 7-7 Stillingsramme - systemkontor**

<b>Stilling</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>	<b>Merknad</b>
Avdelingsleiar	1,0	1,0	0,0	
Sekretær	0,8	0,8	0,0	
<b>Totalt</b>	<b>1,8</b>	<b>1,8</b>	<b>0,0</b>	

#### 7.1.4 Økonomiske hovudtal

**Tabell 7-8 Økonomiske hovudtal - Helse og omsorg**

<b>3 Helse og Omsorg</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
30 HELSE OG OMSORG FELLES	4 047 000	2 110 000	2 566 554
31 HELSETENESTA	13 049 000	13 094 000	12 241 877
33 SOSIALE TENESTER	7 358 000	8 335 000	7 541 807
36 IHT	42 276 000	41 973 000	40 475 691
39 MILJØTENESTA	12 700 000	12 427 000	11 014 135
<b>Sum område: 3 Helse og Omsorg</b>	<b>79 430 000</b>	<b>77 939 000</b>	<b>73 840 064</b>

Tabell 7-9 Økonomiske hovedtal - Helse og omsorg - felles

<b>HELSE OG OMSORG FELLES</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	1 941 000	1 897 000	2 603 919
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	126 000	125 000	63 443
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	10 000	10 000	89 511
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	2 095 000	218 000	131 268
14 OVERFØRINGAR	20 000	20 000	69 058
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	262
<b>Sum utgifter</b>	<b>4 192 000</b>	<b>2 270 000</b>	<b>2 957 460</b>
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-5 391
17 REFUSJONER	-85 000	-100 000	-377 249
19 FINANSINNTEKTER	-60 000	-60 000	-8 266
<b>Sum inntekter</b>	<b>-145 000</b>	<b>-160 000</b>	<b>-390 906</b>
<b>Sum 30 HELSE OG OMSORG FELLES</b>	<b>4 047 000</b>	<b>2 110 000</b>	<b>2 566 554</b>

### 7.1.5 Tiltak

- Fleire omsorgsbustader (lagt inn 50 mill. i inv.bud)
- Etablere omsorgsnivå mellom sjukeheim og bustad
- Styrking av heimetenesta på helg
- Tilpasser oss regionale tenester i VLMS frå 2015
- Ta i bruk Velferdsteknologiske løysningar
- Sterkare førebyggande fokus
  - Styrke frisklivsentralen
  - Sterkare familiefokus på helsestasjonen
  - Innføre tilbod om kvardagsrehabilitering

## 7.2 Helseavdelinga

### 7.2.1 Status

Helseavdelinga har fokus på at samhandling og deling av kunnskap skal bidra til gode førebyggande tenester og samanhengende behandlingsløp. Avdelinga har eige administrativ leiar, i tillegg fagleiarar med ansvar for å drive og utvikle dei ulike fagområda. Helsestasjonen har tilsett to nye sjukepleiarar som er i gang med helsesøster utdanning.

Helsestasjon og Psykisk helseteneste har eit sterkt engasjement for barn og familar ved at dei har auka kompetanse på dette feltet. Arbeid og aktivitet har fått eit nytt dagaktivitetstilbod i Vindestogo og har samarbeidd tett om etablering av sansehage med inngjerding, gapahuk, planter og gangstigar.

#### **Helseavdelinga inneholder:**

- Legetenester
- Helsestasjon
- Fysioterapi
- Frisklivssentral
- Arbeid og aktivitet
- Psykisk helseteneste

#### **Helseavdelinga sitt slagord og visjon er:**

Sunnheit og meistring!

- Avdelinga skal fremja psykisk og fysisk helse og bidra til å utjamne sosiale helseforskellar.
- Skal førebygge skade, sjukdom, bidra til at folk skal mestre livet og bruke potensiala sine.
- Saman med dei som treng det auke livskvaliteten gjennom å aktivisere, behandle og lindre.
- Tilby fastbuande og tilreisande optimalt tilpassa tenester

## 7.2.2 Stillingsramme

Tabell 7-10 Stillingsramme - helseavdelinga

Stillingsramme	2015	2014	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Leiar friskliv/folkehelse	0,8	0,6	0,2	Auke frisklivssentral
Aktivitør	2,0	2,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	2,8	2,8	0,0	
Fysioterapeut	0,5	0,5	0,0	
Helsesyster	2,0	2,0	0,0	
Kommunelege	0,9	0,9	0,0	
Legesekretær	2,6	2,6	0,0	
Psykiatrisk sjukepleiar	2,0	2,0	0,0	
Psykiatrisk hjelpepleiar	1,6	1,6	0,0	
Sjukepleiar legekontoret	1,7	1,7	0,0	
Turnuslege	1,0	1,0	0,0	
<b>Totalt</b>	<b>18,8</b>	<b>18,6</b>	<b>0,2</b>	

## 7.2.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 7-11 Økonomiske hovudtal – helseavdelinga

31 HELSETENESTA	Budsjett	Buds(end)	Regnskap
	2015	2014	2013
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	11 870 000	11 574 000	10 614 517
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	860 000	832 000	876 882
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	350 000	345 000	198 640
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	3 881 000	3 360 000	2 851 126
14 OVERFØRINGAR	86 000	88 000	356 495
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	81 593
<b>Sum utgifter</b>	<b>17 047 000</b>	<b>16 199 000</b>	<b>14 979 252</b>
16 SALGSINNTEKTER	-790 000	-670 000	-716 266
17 REFUSJONER	-1 731 000	-1 494 000	-1 256 701
18 STATSTILSKOT	-1 477 000	-941 000	-763 708
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-700
<b>Sum inntekter</b>	<b>-3 998 000</b>	<b>-3 105 000</b>	<b>-2 737 375</b>
<b>Sum gruppeansvar: 31 HELSETENESTA</b>	<b>13 049 000</b>	<b>13 094 000</b>	<b>12 241 877</b>

## 7.2.4 Tiltak

- Frisklivssentralen vert styrka med ei 20% stilling for fleire og betre forebyggande tiltak, samt lette arbeidssituasjonen for den tilsette.

- Vidareutvikle Vindestogo med opning av sansehage våren 2015 og legge til rette opningstider annankvar dag, mandag, onsdag og fredag. Dersom vidare statlege midlar, vurdere innkjøp av bil slik at brukarar kan koma ut på naturopplevelsingar.
- På Skogprodukt er det investert i ein BM Sprinter 7 seter med lasteplan. Då denne blir brukt til å transportere ved frå skogen til foredling, samt utkjøring av ferdig produkt til kundane, må denne forsterkast og rustast til bruken.
- Lokala i fysioterapi skal leggast betre til rette for omkledning og tilgang til basseng.

## 7.3 Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)

### 7.3.1 Status

IHT er ei stor eining som inneholder heimebaserte og institusjonsbaserte tenester.

Tenestene omfattar:

- Sjukeheim
- Heimesjukepleie
- Praktisk bistand/heimehjelp

Tenestene har eit kontinuerlig fokus på å gje pasientane/brukarane rett behandling, til rett tid og på rett tenestenivå. For å møte det auka behovet for heildøgnsbemanna bustadar og "tyngre" heimesjukepleietenester har vi måtte tåle ein del overbelegg på sjukeheimen. Det er viktig at vi får etablert bustader som er tilrettelagt for heildøgns pleie og omsorg, med tanke på å forhindre at vi må legge inn brukarar på sjukeheimen som kunne klart seg i tilpassa bustad. Slik kan vi i større grad sikre oss kapasitet for dei som med bakgrunn i sin helsetilstand ikkje har andre alternativ enn sjukeheimspllass..

Heimetenesta har som tidlegare mange brukarar og låge kostnader. Det komande året vil IHT prioriterer førebyggjande tiltak i større grad for brukarar som er i fare for å utvikle sjukdom. Mange treng oppfølging av ernæring, fallførebyggjande tiltak, medisinar og hjelpe til å hindre utvikling av sår. Dette må setjast i system for å lukkast.

Kommunen opplever aukande etterspørsel etter heimesjukepleie både hjå eldre, ungdom, unge funksjonshemma, palliativ pleie, kronikarar og rusmisbrukarar. I tillegg er det auka etterspørsel etter heimesjukepleie i helger og feriar då mange besökande oppheld seg på hytter i Øystre Slidre kommune.

Koordinerande einig vart etablert i 2014. Vidareutvikling og opplæring av fleire koordinatorar blir eit viktig fokus i 2015. Koordinerande eining støttar opp om tanken om heilheitleg pasientforløp, som er eit sentralt for IHT. Helsetenestene både innad i kommunen og mellom kommunen og andre helseinstitusjonar skal for brukarane opplevast koordinerte og heilhetsskapande. Den elektroniske meldingsutvekslinga med sjukehuset fungera svært godt i denne samanhengen i IHT.

### 7.3.2 VLMS

Valdres lokalmedisinske senter står ferdig i 2015. Driftsutgiftene skal fordelast mellom dei seks Valdreskommunane. For Øystre Slidre kommune sin del vil dette representera ei driftsutgift på om lag 3 200 000,- i 2015. VLMS vil tilføre regionen eit behandlingsnivå som

ligg mellom det eksisterande kommunale, og spesialisthelsetenesta. Eitt av måla er å bidra til å få ned talet på unødige innleggingar på sjukehus. Eitt anna mål er å kunne bygge spesialkompetanse som kan kome heile regionen til nytte gjennom ordningar for fagleg rettleiing, og utveksling av personell.

VLMS har eit potensiale på 17 senger. Det er gjort vedtak på å drifta 12 av dei frå oppstart (10 intermediærplassar + 2 Kommunale akutte døgnplassar, KAD). Dei resterande fem vil stå ledige til kommunane t.d. vedtek å utvide intermediærplassane. Her er det og mogeleg for enkeltkommunar å gjere avtale om bruk av romma. Det er viktig for økonomien i prosjektet at alle romma er nytta.

For Øystre Slidre sin del vil ein vurdere kjøp av plasser i dei 5 romma det ikkje er vedteken drift på. Bakgrunnen for dette er at ein ynskjer å legge ned dei fem romma som er etablert i underetasjen på sjukeheimen då dei ikkje har eige toalett, og er fullverdige sjukeheimsrom.

### 7.3.3 Stillingsramme

**Tabell 7-12 Stillingsramme – IHT**

Stillingsramme	2015	2014	Endring	Merknad
Leiar	3,0	1,0	2,0	Endre leiarstruktur frå 1/8.2014
Ambulerande vaktmeister	0,9	0,9	0,0	
Ergoterapeut	1,0	1,0	0,0	
Fysioterapeut	0,8	0,8	0,0	
Heimehjelp	1,9	2,2	-0,3	Teknisk justering , delvis omgjort til sjukepleiar
Hjelpepleiar/omsorgsarbeidar heimetenesta	8,0	8,3	-0,3	Teknisk justering , delvis omgjort til sjukepleiar
Hjelpepleiar/omsorgsarbeidar sjukeheimen	23,0	23,0	0,0	0,3 omgjort til sjukepleiar samt teknisk justering
Kjøkkensjef	1,0	1,0	0,0	
Kokk	2,5	2,5	0,0	
Personleg assistent	0,4	0,4	0,1	Auka behov
Psykiatrisk sjukepleiar	0,0	1,0	-1,0	Bortfall av tiltak, delvis overf. til Miljøtenesta
Psykiatrisk hjelpepleiar	0,0	2,0	-2,0	Bortfall av tiltak, delvis overf. til Miljøtenesta
Reinhaldar	3,5	3,5	0,0	
Sjukepleiar heimetenesta	7,3	8,8	-1,5	Endra leiarstruktur frå 1/8.2014
Sjukepleiar sjukeheimen	9,6	9,6	0,0	
Vernepleiar sjukeheimen	0,8	0,8	0,0	
<b>Totalt</b>	<b>63,8</b>	<b>66,7</b>	<b>-2,9</b>	

### 7.3.4 Økonomiske hovedtal

Tabell 7-13 Økonomiske hovedtal – IHT

<b>36 IHT</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Bud(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2 015</b>	<b>2 014</b>	<b>2 013</b>
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	48 630 000	48 451 000	45 525 510
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	3 030 000	2 910 000	3 645 679
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	621 000	611 000	766 444
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	453 000	356 000	4 155 894
14 OVERFØRINGAR	172 000	4 020 000	855 921
15 FINANSERINGSUTGIFTER	41 000	41 000	577 635
<b>Sum utgifter</b>	<b>52 947 000</b>	<b>56 389 000</b>	<b>55 527 084</b>
16 SALGSINNTEKTER	-6 767 000	-6 750 000	-6 258 905
17 REFUSJONER	-2 380 000	-2 181 000	-3 194 742
18 STATSTILSKOT	-1 484 000	-1 484 000	-1 339 996
19 FINANSINNTEKTER	-40 000	-4 001 000	-4 257 750
<b>Sum inntekter</b>	<b>-10 671 000</b>	<b>-14 416 000</b>	<b>-15 051 394</b>
<b>Sum 36 INSTITUSJON -OG HEIMEBASERTE TENESTER</b>	<b>42 276 000</b>	<b>41 973 000</b>	<b>40 475 691</b>

### 7.3.5 Tiltak

For å kunne ha eit auka fokus på førebyggjande arbeid i heimetenesta, er IHT i oppstartsfasa av kvardagsrehabilitering. Fokuset i kvardagsrehabilitering er at brukaren skal kunne forbetre, gjenskapa, vedlikehalde og førebygge tap av funksjonar. Det er eit tverrfagleg team som består av ergoterapeut, fysioterapeut og hjelpepleier som er hovedkoordinatorane i oppstartsfasa.

Målsetninga er å bygge på brukarane sine eigne ynskjer, støtte brukaren til å klare seg sjølv ved ein intensiv innsats i byrjinga, som avsluttast etter kvart. Det er eit mål at brukarane skal halde seg friske og kunne meistre å bu heime lenger.

Det blir viktig for IHT framover å kunne ha ulike velferdsteknologiske løysingar å tilby brukarane/pasientane våre framover. Det er mange som føler seg einsame og har behov for ei tryggheit som kan imøtekoma med mange nye flotte teknologiske løysingar som t.d tryggleiksalarm, fallalarm og andre sensorar av ulikt slag.

For at vi i monaleg grad skal kunne hente ut effektiviseringsgevinstar i heimetenesta må ein og sjå på arbeidsformene. På sjukeheimen vart det for nokre år tilbake innført medisinbestilling gjennom multidose. Dette går i kort trekk ut på at sjukepleiarane bestiller ferdig pakka medisin i små dosepakningar frå apoteket. Dette betyr at sjukepleierane ikkje lengre treng å sitja å «legge» dosettar, for deretter å få ein annan sjukepleiar til å kontrollera jobben i etterkant.

Med dei ferdig dosepakningane får kvar einskild brukar ein liten pose med sine medisin ferdig pakka og kontrollert frå apoteket. Det er eit stort ynskje å innføre dette for dei fleste brukarane i heimetenesta. Dette vil frigje tid til sjukepleiarane som heller kan nyttast ute hjå pasientane i større grad og minske overtidbruks.

Ein har i forslag til budsjett for 2015 lagt inn at 50 brukarar i heimetenesta skal gå over på multidose. Det er estimert ei innsparing på ei 40% sjukepleiarstilling i samband med dette. Dette utgjør i kroner om lag 170 000.- Beløpet vil finansiere auka helgebemannning i

heimetenesta, i tillegg til kompetansehevande tiltak i samband med innføring av kvardagsrehabilitering.

## 7.4 Miljøtenesta

### 7.4.1 Status

Turnusområde gjelv tenester til 12 brukarar med ulik grad av utviklingshemming eller diognosar som krev miljøterapeutisk oppfølging. Det er stor skilnad i funksjonsnivået hjå desse brukarane.

Miljøtenesta har og oppdrag i heimar utanfor Brennebakkin / andre kommunale bustader, knytt opp mot miljøtiltak/ opplæring/ atferdsendring.

Eit omfattande tiltak er under utarbeiding, dette vil føre med seg auka bruk av personalressursar.

I tillegg til nye, unge brukarar med behov for tilrettelagt bustad med miljøtenester i åra som kjem, er det ei merkbar auke i behovet for barneavlastning. Avlastning er eit viktig førebyggande tiltak som vil om det blir gjeve til rett tid, og med rett mengde, utsette behovet for tunge kommunale tenester for denne brukergruppa.

I 2014 har vi etablert avlastingbustad for born og unge på Brennebakkin. Dette er ein tilbod som vi ynskjer å utvikle vidare framover. Det er for tida to brukarar av denne bustad, for andre born er det meir hensiktsmessig med andre former for avlasting.

Det er avsett midlar til to nye bueiningar i tillegg til dei 6 eksisterande på Brennebakkin.. Desse er ikkje realisert grunna klage frå ein av naboane som gjekk vidare til fylkesmannen. Fylkesmannen krev at vi omregulerer området til institusjonsformål før vi får bygge i dette området.

Kommunen er i gang med å utarbeide ei reguleringsplan i dette området med tanke på vidareutvikling av bustader. Denne prosessen vil ta eitt til to år. Dette betyr at ein må søkje å løyse behovet for bustader vi ser alt i 2015-2016? gjennom å setje inn mellombelse tiltak for å sikre at vi kan ta i mot nye brukarar.

Personalet i Miljøtenesta jobbar med einskildbrukarar som ofte ikkje har like føresetnader til å melde frå som andre. Det er difor særleg viktig at Miljøtenesta har eit særleg fokus på å etterleve etiske normer og retningslinjer, og gjennom dette sikrar brukartryggleiken.

I 2014 har vi tilsett to vernepleiarar i avdelinga, ei ved ledighet og den andre ved omorganisering/ fusjon. Ei fagarbeidarstilling er omgjort til stilling med krav om 3-årig høgskuleutdanning. Den som er tilsett starter i stillinga ved nytt år.

### 7.4.2 Tiltak

- Styrke budsjettet med midlar til avlastande tiltak for heimebuande brukarar, og til faste stillingar og drift i avlastingsbustaden.
- Utarbeide og vedta reguleringsplan for området omkring Brennebakkin 3 og 5.

- Innarbeide økonomisk inndekning for å bygge 4 bustader i planperioden, og bemanning til dei som skal bu der.
- Betre den faglege og etisk kompetansen gjennom interne kurs fastsett i eit årshjul for helse- og omsorgsavdelingane.
- Styrke opplaringa i ulik programvare gjennom interne kurs fastsett i eit årshjul for helse- og omsorgsavdelingane.
- Styrke vikarbudsjetten for å dekke inn behovet for personal i eit særtiltak.

#### 7.4.3 Økonomiske hovudtal

**Tabell 7-14 Økonomiske hovudtal – IHT**

<b>39 MILJØTENESTA</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Bud(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	13 143 000	12 694 000	11 553 688
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	152 000	143 000	200 072
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	7 000	7 000	11 864
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 495 000	1 456 000	1 367 833
14 OVERFØRINGAR	-	-	21 906
<b>Sum utgifter</b>	<b>14 797 000</b>	<b>14 300 000</b>	<b>13 155 362</b>
16 SALGSINNTEKTER	-67 000	-65 000	-60 814
17 REFUSJONER	-686 000	-764 000	-832 914
18 STATSTILSKOT	-1 344 000	-1 044 000	-1 247 500
<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 097 000</b>	<b>-1 873 000</b>	<b>-2 141 227</b>
<b>Sum 39 MILJØTENESTA</b>	<b>12 700 000</b>	<b>12 427 000</b>	<b>11 014 135</b>

#### 7.4.4 Stillingsramme

**Tabell 7-13 Stillingsramme – Miljøtenesta**

<b>Stilling</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>	<b>Merknad</b>
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent Miljøtenesta	11,0	10,5	0,5	Overf. frå tiltak i IHT
Vernepleiar	5,8	4,8	1,0	Overf. frå tiltak i IHT
<b>Totalt</b>	<b>17,8</b>	<b>16,3</b>	<b>1,5</b>	

## 7.5 Interkommunale tenester (NAV, barnevern og flyktningteneste)

### 7.5.1 NAV – status og økonomiske hovedtal

NAV-tenestene er omfattande i omfang og kompleksitet.

KOSTRA-tal viser at Øystre Slidre kommune ligg langt under kommunegruppe og landet når det gjeld brutto driftsutgifter per brukar.

I budsjettforslaget for 2015 har vi redusert budsjettet for økonomisk sosialhjelp med kr 600 000,- i forhold til 2014. Dette bygger på anslag fra NAV om forventa forbruk i 2015.

Bemanningstettleiken i NAV Valdres ligg lågt i forhold til kommunegruppa og landet.

Tabell 7-16 Økonomiske hovedtal – NAV

NAV	Budsjett	Buds(end)	Regnskap
	2015	2014	2013
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	0	0	58 913
13 KJØP AV VERTSKOMMUNE	5 127 000	5 558 000	5 721 549
14 OVERFØRINGAR	350 000	656 000	0
<b>Sum utgifter</b>	<b>5 477 000</b>	<b>6 214 000</b>	<b>5 780 462</b>
17 REFUSJONER	-50 000	-150 000	-150
18 STATSTILSKOT	-300 000	-445 000	0
19 FINANSINNTEKTER	-115 000	-115 000	-17 129
<b>Sum inntekter</b>	<b>-465 000</b>	<b>-710 000</b>	<b>-17 279</b>
<b>Sum ansvar: 330 NAV</b>	<b>5 012 000</b>	<b>5 504 000</b>	<b>5 763 184</b>

### 7.5.2 Barnevern – status og økonomiske hovedtal

Øystre Slidre kommune har felles barnevernteneste med Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Etnedal kommunar.

Det interkommunale barnevernet har gjennom felles kompetanseheving og større fagmiljø, etablert ei teneste som i større grad enn tidlegare meistrar å gå inn i enkeltsaker av alvorleg karakter. I 2015 vil barneverntenesta ha eit særlig fokus på kompetansestyring, samt vidareutvikling og implementering av internkontroll i vertskommunen. I tillegg er det stor fokus på å unngå fristoversitting på undersøkingar, som har vore for hyppige for Øystre Slidre kommune sin del dei siste åra.

Gjennom samarbeidet med krisesenteret på Hønefoss skal barneverntenesta inngå ei formell samarbeidsavtale med krisesenteret for å sikre gode melde- og oppfølgingsrutinar for barn som er med føresette på krisesenteret.

Det har vore stilt spørsmål ved det forholdet at Øystre Slidre kommune gjennomgåande har hatt få meldingar til barneverntenesta. Talet på meldingar veks i 2014, noko som kan være eit teikn på at fleire instansar no melder saker til barnevernet enn tidlegare.

**Tabell 7-17 Økonomiske hovudtal – barnevern**

<b>BARNEVERN</b>	<b>Budsjettt</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	3 270 000	3 616 000	2 956 786
<b>Sum utgifter</b>	<b>3 270 000</b>	<b>3 616 000</b>	<b>2 956 786</b>
<b>Sum ansvar: 331 BARNEVERN</b>	<b>3 270 000</b>	<b>3 616 000</b>	<b>2 956 786</b>

**Tiltak:** Vertskommunen har innført eit nytt internkontrollsysteem. Dette systemet gjer det enklare for saksbehandlarane og barnevernleiar å følgje opp i forhold til fristar. Det vil og gje vertskommunen anledning til å føre avviksstatistikk på ein betre måte med tanke på å kunne sette inn tiltak mot fristoversittingane.

- Det er sett ned ei gruppe som skal legge grunnlag for ei felles barnevernteneste for heile Valdres. Dette vil styrke tenesta ytterlegare med tanke på fagmiljø og ressursar.

### 7.5.3 Kvalifiseringstenesta – status

Øystre Slidre kommune har eit samarbeid om kvalifisering av flyktningar med Nord-Aurdal kommune.

Tenesta tek i dag hand om mottak av nye flyktningar og har ei særleg oppgåve i forhold til å skaffe tilfredstillande bustad, og drive kvalifiseringstiltak gjennom opplæring på kvalifiseringssenteret. I tillegg blir det brukt mykje tid på å skaffe språkplassar til flyktningane. Her er kommunen den viktigaste bidragsytaren, og mange flyktningar får viktig språktrening m.a. i reinhaldstenesta i kommunen.

Det er ei utfordring å skaffe bustadar som er tilpassa brukargruppa sine behov, spesielt med tanke på krav om nærliek til offentlege kommunikasjonsmidlar.

## 8 Teknisk drift

### 8.1 Status

Det er kun mindre endringar i tenestenivået frå tidlegare år. Det er tilsett ny teknisk leiar i kommunen.

Avdelinga har dei siste åra hatt ei underbemanning innanfor området veg, vatn og avløp. Det er no tilsett ein avdelingsleiar på veg, vatn og avløp (VVA). Generell kvalitet og resultat for brukarane blir vurdert som god. Innbyggarundersøkinga viser at dei fleste meiner dei blir mottekte på ein god måte i kontakt med kommunen. Totalt sett er avdelinga godt tilgjengeleg, både på telefon og etterkvarter er også fleire meir faste brukarar av e-post. Vaktordninga innanfor VA-tenesta gir 100% tilgjenge for publikum. Innan vaktmeister- og reinhaldstenesta har dei tilsette ein god dialog med leiarane på dei enkelte tenestestader. Avdelinga leverer gode tenester, det er godt kvalifiserte tilsette og fleire er i ferd med å skaffe seg meir formell kompetanse.

Driftsutgiftene er relativt høge, dette gjeld både kommunale bygg, drift av VA-anlegg og kommunal veg. Med nye skulebygg er dette kanskje overraskande, men sjølv om bygga er nye og betre, er det mykje "teknikk" i nye bygg som skal driftast. ØSUS er eit eldre bygg, og ENØK-tiltak her må prioriterast i åra framover. Reinseanlegga er dyre å drifte, men her er det valt prosessar og tekniske løysingar som det er vanskeleg å endre på utan større investeringar. Kommunebarometeret viser at ein liten del av innbyggjarane er knytt til kommunaltekniske anlegg. Mykje av forklaringa på dette er at Vindin vassverk er privat, og leverer vatn til mange i midtre del av kommunen. Sjølv om Ole vassverk og Beito reinseanlegg har mange abonnentar, så er dei fleste av desse fritidseigedommar.

Eigenbetaling omfattar primært gebyr for vatn og avlaup. Kommunen har i fleire år vore offensiv med gjennomføring av nyanlegg, og til dels omfattande vedlikehald av leidningsnettet. Sjølv om inntektene har vore gode i samband med høg byggeaktivitet, er nivået på gebyra relativt høgt samanlikna med andre kommunar. Få abonnentar samanlikna med landsgjennomsnittet, gjer også sitt til at gebyra per abonnent blir høge. Hovudmålet framover blir å auke talet på abonnentar og å rette fokuset meir mot økonomisering av drifta, for på den måten å få stabilisert nivået på gebyra.

For kommunale vegar legg faktorar kommunen har lite styring over mange premissar for utgifter, slik som snømengde, trøng for strøing, frost/kjøving, reparasjon etter flomskadar osv. Ekstraordinært vedlikehald vil også medføre at nivået her vil svinge.

Trivsel for den enkelte og evne til samarbeid med kollegane sine blir vurdert som generelt bra, her er det lite som tyder på endringar frå tidlegare år. Sjølv om fleire tilsette er i ferd med å få betre kompetanse, er det framleis ynskje om kursing og "ny" lærdom i avdelinga. Det er ei utfordring å finne relevante kurstilbod og å få sendt våre folk på kurs. Men litt påfyll blir det, og dei "nye" medarbeidarane er i positiv utvikling!

Talet på tilsette som driftar avdelinga blir vurdert, og omfanget av stillingar må elles vurderast kontinuerleg ved ev. endringar i tenestenivået.

## 8.2 Mål

Teknisk drift har som mål å få til enda betre kvalitet på tenestane som avdelinga utfører. Dette vil krevje god samhandling i avdelinga samt ta i bruk gode planverktøy.

Følgjande av kommunen sine delmål har relevans for området teknisk drift:

- **Vekst i kvalitet**
  - Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk , tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggjande behov .
- **Alle skal med**
  - Øystre Slidre kommune skal ha eitt oppvekstmiljø som gjev trygge og glade, sjølvstendige og skapande born og unge.
  - Øystre Slidre kommune skal vera ei god -og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids –og fritidssituasjon
- **Offensiv organisasjon**
  - Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er brukar –og serviceorientert.
  - Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.
  - Øystre Slidre kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette , og sikre ei god rekruttering i framtida.
- **Nærings- og samfunnsutvikling**
  - Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur og nærings –og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eitt robust , kunnskapsbasert og framtidsretta næringsliv. ( Plan og Bygg/ Næring)
- **Oppvekst og læring**
  - Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like mogleigheter for utvikling.
  - I Øystre Slidre skal det vera garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle.

- **Samferdsel**

- Øystre Slidre kommune skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå i denne.
- Øystre Slidre kommune skal utvikle eigen trafikksikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide med sykkel og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegande.
- *Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområde, attraksjonar.*

- **Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling**

- Øystre Slidre skal vera blant dei mest attraktive bu-og besøkskommunane i Oppland.

- **Kommunaltekniske tenester**

- Øystre Slidre skal gjennom Arealdelen til kommuneplanen sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fulgt.
- Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass-og avlaupsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
- Kommunen vil og arbeide for at dei delande av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer fare for forureining .
- Kommunen ska vera i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad-og næringsområde der det er behov for dette.

## 8.3 Stillingsramme

Tabell 8-1 Stillingramme - Teknisk drift

<b>Stilling</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>	<b>Merknad</b>
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Brannkonstabel	0,2	0,2	0,0	
Driftsoperatør	3,0	3,0	0,0	
Feiar	1,0	1,0	0,0	
Ingeniør	0,0	1,0	-1,0	Vakant stilling, nedskjæring
Oppsynsmann	2,0	2,0	0,0	
Reinhalldar	10,8	10,8	0,0	
Saksbehandlar/sekretær	1,0	1,0	0,0	
Vaktmeister	4,0	4,0	0,0	
Vaktmeisterformann	1,0	1,0	0,0	
<b>Totalt</b>	<b>24,0</b>	<b>25,1</b>	<b>-1,1</b>	

## 8.4 Økonomiske hovudtal

Tabell 8-2 Økonomiske hovudtal - Teknisk drift

4 Tekniske tenester	Budsjett	Buds(end)	Regnskap
	2015	2014	2013
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	14 744 000	14 628 000	13 194 432
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	7 771 000	8 095 000	7 794 133
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	8 820 000	8 351 000	9 388 361
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	10 665 000	10 749 000	9 775 037
14 OVERFØRINGAR	-	-	2 566 347
15 FINANSERINGSUTGIFTER	1 337 000	-	1 617 785
<b>Sum utgifter</b>	<b>43 337 000</b>	<b>41 823 000</b>	<b>44 336 094</b>
16 SALGSINNTEKTER	-29 940 000	-29 546 000	-26 945 117
17 REFUSJONER	-603 000	-706 000	-3 997 873
19 FINANSINNTEKTER	-1 137 000	-697 000	-1 230 053
<b>Sum inntekter</b>	<b>-31 680 000</b>	<b>-30 949 000</b>	<b>-32 173 043</b>
<b>Sum 4 Tekniske tenester</b>	<b>11 657 000</b>	<b>10 874 000</b>	<b>12 163 052</b>

Tabell 8-3 Nettobudsjett fordelt på ansvarsområde - Teknisk drift

4 Tekniske tenester	Budsjett	Buds(end)	Regnskap
	2015	2014	2013
40 TEKNISKE TENESTER FELLES	912 000	1 802 000	1 018 050
43 KOMMUNALE BYGG OG REINHALD	10 899 000	10 934 000	10 239 729
44 EIGEDOM OG VEG	2 055 000	2 057 000	2 484 930
45 VATN	-2 764 000	-2 701 000	-1 696 609
46 AVLØP	-2 678 000	-4 008 000	-2 714 003
47 RENOVASJON OG SLAM	-	37 000	-
49 BRANN OG FEIERVESEN	3 233 000	2 753 000	2 830 953
<b>Sum 4 Tekniske tenester</b>	<b>11 657 000</b>	<b>10 874 000</b>	<b>12 163 052</b>

\*)Netto resultat knytt til Vatn og Avløp skal dekke kommunen sine kapitalkostnader.

## 8.5 Framdrift

Hovud fokus framover innan avdelinga vil vera å gjennomføra godkjende investeringsprosjekt og legga til rette for god drift av kommunens bygg og anlegg. For å oppnå detta må ein ta i bruk nye dataverktøy for å få god hjelp i planleggings prosessen. På VVA er dei godt i gang med implementeringa av dataverktøy. Det kjem nye forskrifter og kommunens ROS analyse er viktig med å kartleggja kva ein har behov for i framtida. Innanfor kommunale bygg og reinhald er det eit sterkt ønske å få implementert eit forvaltning, drift og vedlikehaldsprogram (FDV). Det er i dag viktig å ha ein fullverdig oversikt over bygningsmassen i antall m2. Samtidig som ein ser kvart einskild rom for seg i forhold til kva som skal gjerast av vedlikehald og reinhald i bygget. Kvalitets sikring av vedlikehald og reinhaldstjenesta blir viktig for å kunne dokumentera kvalitet, og eit riktig inneklima for brukarane av bygget.

På reinhald vil kommunen investera i reinhaldrane med å få meir moderne og nytt verktøy, samt gå til innkjøp av fleire maskiner for å kunna ivareta reinhaldaren. I tillegg skal ein levera eit godt reinhald

som er viktig med tanke på å ivareta eit godt inneklima for den enkelte brukar av dei kommunale bygga. Inneklima omfatta alle fysiske og kjemiske forhold som påverkar oss inne. Godt inneklima er viktig for helse, trivsel og læringsevne.

Brann har fått mandat frå rådmannsutvalet i Valdres om å utreda ny organisasjon i Valdres. Avventar nye investeringar inntil saken er avslutta.

## 8.6 Tiltak

- Gjennomføring av investeringsprosjekt
- Kompetanseutvikling på alle plan
- Utvikling av reinhaldsplanner
- Vidareutvikle rutinar og prosedyrar
- Implementere dataverktøy
- ENØK-tiltak i ungdomsskulen
- Opp gradere brannvarsling system i ungdomsskulen
- Legge ytterlegare til rette for tilkopling til vatn og avløp
- Styrke tryggleik for tilstrekkeleg vatn til Beitostølen
- Optimalisere leidningsnett - redusere lekkasjar
- Oppretthalde god standard på kommunale vegar
- Brann skal sende ny tilsette på kurs og bytte ut utstyr

## 9 Næring og byggesak

### 9.1 Mål og status

Kommuneplanens samfunnsdel legg mange føringer for mål og arbeidsoppgåver i avdeling for næring og byggesak. Områda under er dei som har størst relevans for fagavdelinga Næring og byggesak.

#### Vekst i kvalitet

Næring og byggesak i Øystre Slidre kommune skal bidra på sine felt for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og for å ivareta det biologiske mangfaldet. Visjonen «Øystre Slidre- rein naturglede» skal vera ein ledetråd i avdeling for Næring og byggesak sine prioriteringar, virke og sakshandsaming.

Avdeling for næring og byggesak i Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som set brukarane og service i sentrum.

#### Offensiv organisasjon.

Næring og bygg skal vera ein offensiv organisasjon som ved effektiv ressursbruk, tilbyr tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggjarane, dei næringsdrivande og gjestene sine grunnleggande behov. Langsiktig arbeid for å gje ryddige eigedomstilhøve har vore viktig for effektiv saksflyt, både for privatpersonar og næringsdrivande og er eit arbeid som framleis må prioriterast. Avdelinga vil ta tak i og i større grad utnytte dei mogelegheitene som ligg i e-kommunikasjon. Målet er å forbetra og effektivisere kontakten med brukarane av våre tenester.

#### Næringsutvikling

Målet nedfelt i kommunens planstrategi er *at Øystre Slidre kommune skal vera den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter pr. innbygger.*

Øystre Slidre har hatt kraftig vekst i talet registrerte føretak i Brønnøysundregistra og Einingsregisteret. Størst var veksten i 2013, men parameteren er ikkje tilstrekkeleg til å vurdere heilskapleg korleis det står til i dei ulike næringane i kommunen. Om ein vurderer landbruket ut frå utviklinga i driftseiningar og dyretal kjem vi best ut av Valdreskommunane. Underavvirkning i skogen er framleis alt for stor

Næring og byggesak skal bidra til å vidareutvikle kommunens gode kultur for næringsutviklingsarbeid og stimulere til god ressursutnytting. Avdelinga skal vera ein pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping. Avdelinga ønske å bidra positivt til kommunens omdømme, ein god infrastruktur og etablering av gode opplevelingstilbod. Dette gir konkurranseraft i hyttenæringa og eit større samla produkt i den verdikjeda som mange i næringslivet er avhengige av. Ein vil og arbeide sterkare for at nokre av dei midlane som er sett av til næringsutviklingsformål kan nyttast til å initiere større satsingar, og ikkje berre blir brukt til søkegilde tiltak i tråd med retningslinene.

## 9.2 Stillingsramme

Tabell 9-1 Stillingsramme - Næring og byggesak

Stilling	2015	2014	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Jordbruksjef	0,7	1,0	-0,3	100% stilling vakant til 1/5
Oppmålingsingeniør	1,0	1,0	0,0	
Byggesaksbehandlar	2,0	2,0	0,0	
Sekretær	1,0	0,8	0,2	
Skogbruksjef	1,0	1,0	0,0	
Spes.arb. oppmåling	0,1	0,1	0,0	
<b>Totalt</b>	<b>6,8</b>	<b>6,9</b>	<b>-0,1</b>	

## 9.3 Økonomiske hovudtal

Tabell 9-2 Økonomiske hovudtal - Næring og byggesak<sup>2</sup>

5 Næring og byggesak	Budsjett	Buds(end)	Regnskap
	2015	2014	2013
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	4 431 000	4 340 000	4 451 081
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 077 000	941 000	828 082
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	285 000	780 000	522 301
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 326 000	1 389 000	495 122
14 OVERFØRINGAR	1 945 000	1 860 000	7 805 539
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	170 173
<b>Sum utgifter</b>	<b>9 064 000</b>	<b>9 310 000</b>	<b>14 272 296</b>
16 SALGSINNTEKTER	-2 919 000	-2 592 000	-2 787 392
17 REFUSJONER	-150 000	-116 000	-799 838
18 STATSTILSKOT	-	-	-358 220
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-5 289 947
<b>Sum inntekter</b>	<b>-3 069 000</b>	<b>-2 708 000</b>	<b>-9 235 396</b>
<b>Sum 5 Næring og byggesak</b>	<b>5 995 000</b>	<b>6 602 000</b>	<b>5 036 900</b>

**Tabell 9-3 Nettobudsjett fordelt på ansvarsområde - Nærings og byggesak<sup>3</sup>**

<b>5 Nærings og byggesak</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
500 FELLES NÆRING OG BYGG	1 107 000	962 000	1 103 980
510 KART OG OPPMÅLING	258 000	174 000	137 757
511 BYGGESEN	-236 000	-164 000	-597 862
512 BEHANDLINGSSEBYR	-120 000	-40 000	-57 000
520 NÆRINGSUTVIKLING	3 563 000	4 091 000	2 923 446
521 LANDBRUK	1 411 000	1 495 000	1 675 354
522 VILT- OG UTMARKSFORVALTNING	12 000	84 000	-148 774
<b>Sum Nærings og byggesak</b>	<b>5 995 000</b>	<b>6 602 000</b>	<b>5 036 900</b>

## 9.4 Tiltak

**Tabell 9-4**

<b>Tilskott til næringsutvikling</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2015</b>	<b>2014</b>

### Næringsutvikling

Destinasjon Valdres	720 000	720 000
Tilskott arrangementskoordinator	175 000	175 000
Valdres Natur og Kulturpark	792 000	792 000
Andre tilskott	60 000	60 000
KUN -nemda til disposjon	300 000	300 000
<b>Sum</b>	<b>2 047 000</b>	<b>2 047 000</b>

### Andre næringstiltak

Vannområde Valdres	40 000	40 000
Tilskott til løypelag	250 000	250 000
Husleige Beitostølen Turistinformasjon	46 000	46 000
Kompensasjon - løypeavtaler	500 000	500 000
Leige Beitostølen Stadion	210 000	210 000
Tilskott til snølagring Beitostølen	200 000	50 000
Stig og løypeplan	200 000	700 000
<b>Sum</b>	<b>1 446 000</b>	<b>1 796 000</b>

**Totalt** **3 493 000** **3 843 000**

Det er eit eige mål for avdeling og byggesak i 2015 å bygge vidare på det gode arbeidet som er starta med å forme ein effektiv og serviceorientert organisasjon i samsvar med administrativ struktur i kommunen. Målet er å få etablert enda betre rutinar for kvalitetssikring av arbeidet vårt og etablere eit godt samarbeid om ansvar for og deling av oppgåver. Informasjonsarbeid og kompetansehevande tiltak internt i avdelinga skal styrkast

Avdelinga skal ta tak i ein del av dei utfordringar og mogelegheiter ein ser for auka verdiskaping i næringslivet. Avdelinga skal også drifta miljø og biologisk mangfald på ein balansert måte, til beste natur, miljø og næringsutvikling, og gjennom det bidra til kommunens visjon – Rein naturglede.

## 10 Kraftforvaltning

Kommunen disponerer ei kraftmengde på om lag 54,5 GWh. Av dette blir 47,5 GWh seld på kraftbørsen medan resten av kraftmengda blir tilbakeseld til produsenten og brukt i eigne bygg. I økonomiplanen er det lagt til grunn ein marknadspolis med 26,5 øre for 2015-2018.

Nettoinntekta av kraftsalet er føresett avsett til Disposisjonsfond kraftsal med 9,3 mill årleg i perioden 2015-2018.

**Tabell 10-1 Økonomisk hovedoversikt - Kraftforvaltinga**

<b>80 KRAFTFORVALTNING</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
<b>kraftpris øre pr kWh</b>	<b>34</b>	<b>30,0</b>	<b>30</b>	<b>26,5</b>
Lønsutgifter og andre driftsutgifter	820 000	733 934	371 000	339 000
Konsulenttenester etc.	358 000	162 826	378 000	80 000
Kjøp av kraft	6 000 000	6 933 147	6 300 000	6 800 000
Skatt	1 452 000	942 356	960 000	400 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>8 630 000</b>	<b>8 772 263</b>	<b>8 009 000</b>	<b>7 619 000</b>
Konsesjonsavgift	-3 250 000	-3 257 931	-3 300 000	-3 300 000
Sal avtalekraft og eigarkraft	-7 880 000	-8 271 812	-8 250 000	-5 620 000
Sal konsesjonskraft	-10 200 000	-8 107 981	-8 743 000	-7 750 000
Bruk av eigenkraft	-1 800 000	0	-1 400 000	-250 000
Utbytte	-1 560 000	-1 641 448	-1 500 000	-1 500 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>-24 690 000</b>	<b>-21 279 172</b>	<b>-23 193 000</b>	<b>-18 420 000</b>
<b>Resultat før avsetning</b>	<b>-16 060 000</b>	<b>-12 506 909</b>	<b>-15 184 000</b>	<b>-10 801 000</b>
Avsetning til disposisjonsfond	12 918 000	10 135 000	11 878 000	7 501 000
Avsetning til kraftfondet	3 250 000	3 257 931	3 300 000	3 300 000
<b>Resultat etter avsetning</b>	<b>108 000</b>	<b>886 023</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 11 Finansforvaltning

Kommunen har midlane plassert i bank,

Økonomiplanen viser at kommunen føresett å bruke ein del av fonda til eigenkapitalfinansiering av investeringar. Dette vil føre til ein viss reduksjon av disposisjonsfonda.

Dette fører til at finanskapitalen i kommunen blir redusert. Likviditeten til kommunen vil fortsatt vera sterkt i perioden.

Kommunen har hatt ein klar politikk på å ha flytande rente på storparten av lånemassa. Over tid vert renta da lågare, og kommunen sin økonomi har så langt vore robust nok til å takle svingingane.

**Tabell 11-1 Økonomisk oversikt - finansområdet**

	Regnskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2017	Budsjett 2017
Renteinntekter	-5 450 222	-5 590 000	-5 490 000	-5 490 000	-5 490 000
Kursgevinst	-154 000	0	0	0	0
<b>Sum finansinnt.</b>	<b>-5 604 222</b>	<b>-5 590 000</b>	<b>-5 490 000</b>	<b>-5 490 000</b>	<b>-5 490 000</b>
Renteutgifter	4 225 376	6 040 000	4 940 000	4 940 000	4 940 000
Avdrag	8 610 552	9 100 000	9 100 000	9 100 000	9 100 000
Kurstap	93 500				
<b>Sum finansutg.</b>	<b>12 929 428</b>	<b>15 140 000</b>	<b>14 040 000</b>	<b>14 040 000</b>	<b>14 040 000</b>
<b>Netto utg finans</b>	<b>7 325 206</b>	<b>9 550 000</b>	<b>7 250 000</b>	<b>7 250 000</b>	<b>7 250 000</b>

**Tabell 11-2 Renteberande omløpsmiddel**

		Beløp	Avkastning	Renter
<b>Bankinnskot:</b>				
Plassering	Sparebank 1 Hallingdal Valdres	42 000 000	3,10	1 300 000
Driftsmiddel	Sparebank 1 Hallingdal Valdres	85 000 000	2,60	2.210 000
<b>Sum</b>		<b>90 000 000</b>		<b>3 510 000</b>
<b>Fondsobligasjoner :</b>				
	Tolga og OS Sparebank	5 000 000	3md nibor +1,45	175 000
<b>Ansvarlege lån</b>				
	Valdres Energiverk	20 000 000	6,70 %	1 340 000
	Eidsiva Energi	4 934 000	7,00 %	345 000
<b>Sum renteinntekter fra finansforvaltninga</b>				<b>5 370 000</b>
Andre renteinntekter				120 000
<b>Totalt</b>				<b>5 490 000</b>

## 12 Avgifter og betalingssatsar

### 12.1 Eigenbetaling i barnehagane

Stortinget fastset i det årlege budsjettvedtak maksimalgrensa for foreldrebetaling for plass i barnehage. For 2015 er forslaget fra regjeringa at maksimalgrensa for heildagstilbod for foreldrebetalinga skal vera kr 2.580,- per månad. Betalinga for deltidstilbod skal vera lågare enn for heildagstilbod.

Kommunen skal tilby minimum 30% syskenmoderasjon i foreldrebetalinga ved 2. barn, og minimum 50% moderasjon for 3. eller fleire barn.

For 2015 er det budsjettert med brutto driftsutgifter kr 18 147 000 til drift av barnehagane, og kr 1.495.000 til barnehagelokale. I driftsinntekter er det budsjettert med kr 3.412.000 i eigenbetaling.

Tabellen under viser dei nye betalingssatsane:

**Tabell Eigenbetaling i barnehagane**

Art	2014	2015 jan –april	2015 frå 1.mai
<b>5 dagar/veke</b>	Kr 2.405,- per månad	Kr 2.480,- per månad	Kr 2.580,- per månad
<b>4 dagar/veke</b>	Kr 2.325,- per månad	Kr 2.400,- per månad	Kr 2.50,- per månad
<b>3dagar/veke</b>	Kr 2.025,- per månad	Kr 2.100,- per månad	Kr 2.400,- per månad
<b>2 dagar/veke</b>	Kr 1.600,- per månad		
<b>Einskildg/ekstradg</b>	Kr 190,- per dag	Kr 195,- per dag	Kr 195,- per dag
<b>Timebetaling</b>	Kr 35,- per time	Kr 40,- per time	Kr 40,- per time
<b>Matpengar</b>	Kr 15,-per dag	Kr 15,-per dag	Kr 15,-per dag
<b>Syskenmod.</b>	30% for 2. barn, og 50% for 3. eller fleire barn	30% for 2. barn, og 50% for 3. eller fleire barn	30% for 2. barn, og 50% for 3. eller fleire barn

Øystre Slidre kommune krev standard purregebyr, jfr. Inkassoforskrifta § 1-2.

### 12.2 Eigebetaling i skulefritidsordninga

Med heimel i § 13-7 i Opplæringslova, kan kommunen krevje utgiftene til tilboden dekte gjennom eigenbetaling fra foreldra.

For 2015 er det budsjettert med brutto driftsutgifter kr 742 000 til drift av SFO-tilboden. Dette beløpet inkluderer ikkje del av utgifter til lokale. I eigenbetaling er det budsjettert med kr 618.000.

Tabellen under viser dei nye betalingssatsane:

Art	2014	2015
<b>0-7 timer</b>	Kr 1.050,- per månad	Kr 1.080,- per månad
<b>8-14 timer</b>	Kr 1.680,- per månad	Kr 1.730,- per månad
<b>Over 15 timer</b>	Kr 2.100,- per månad	Kr 2.160,- per månad
<b>Einskildtimer</b>	Kr 57,- per time	Kr 60,- per time
<b>Syskenmoderasjon</b>	30% av heil sats for 2. barn, og 50% av heil sats for 3. barn eller fleire	30% av heil sats for 2. barn, og 50% av heil sats for 3. barn eller fleire

Øystre Slidre kommune krev standard purregebyr, jfr. Inkassoforskrifta § 1-2.

## 12.3 Eigenbetaling i kulturskulen

For 2015 er det budsjettet med brutto driftsutgifter kr 2.799 000 til drift av kulturskulen. Det er budsjettet med kr 547.000 i eigenbetaling. Moderasjonsordninga utgjer om lag kr 30 .000 årleg.

Tabellen under viser dei nye betalingssatsane:

**Tabell Eigenbetaling i kulturskulen**

<b>Art</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
<b>Undervisning i kulturskulen</b>	Kr 3.400,- per skuleår	Kr 3.500,- per skuleår
<b>Gruppeundervisning i langeleik</b>	Kr 2.410,- per skuleår	Kr 2.480,- per skuleår
<b>Kunstfag inkl. materiell</b>	Kr 3.400,- per skuleår	Kr 3.500,- per skuleår
<b>Dansegrupper/teater</b>	Kr 2.410,- per skuleår	Kr 2.480,- per skuleår
<b>Kor</b>	Kr 930,- per skuleår	Kr 960,- per skuleår
<b>Band</b>	Kr 930,- per skuleår	Kr 960,- per skuleår
<b>Revy</b>	Kr 930,- per skuleår	Kr 960,- per skuleår*)
<b>Syskenmoderasjon 2. barn</b>	680 kr for individuell- undervisning ,kr 482 for gruppeundervisning og kr 185 pr skuleår for kor, band og revy.	600 kr for individuell- og gruppeundervisning. Ingen moderasjon for kor, band og revy *)
<b>Syskenmoderasjon 3. eller fleire barn</b>	Kr 1700 per skuleår for individuellundervisning, kr 482 pr år for gruppeundervisning og kr 465 per skuleår for kor, band og revy..	50 % av heil sats. Ingen moderasjon for kor, band og revy.*)
<b>Vaksen</b>	Kr 4.530,- per skuleår *)	Kr 4 660,- per skuleår

\*) redaksjonelt endra etter vedtak

Øystre Slidre kommune krev standard purregebyr, jfr. Inkassoforskrifta § 1-2.

## 12.4 Opphold på sjukeheimen

Betalinga for opphold på sjukeheimen følgjer satsar fastsett i lov og forskrift. Rådmannen legg fram dei satsane som følgjer av regelverket:

### 12.4.1 Generelt

I medhald av § 11-2 i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. kan kommunen pålegge den som mottek tenester etter denne lova, å dekkje kostnadene heilt eller delvis. Nærare reglar for slik eigenbetaling er fastsett i eiga forskrift.

### 12.4.2 Langtidsopphold

§3 i Forskrift om vederlag for opphold i institusjon m.v. fastset slike reglar for betaling ved langtidsopphold:

*Av inntekter inntil folketrygdens grunnbeløp, fratrukket et fribeløp på kroner 7250 pr år, kan det kreves betalt 75% årlig. Betalingen skal begrenses slik at enhver har i behold til eget bruk minst 25% av folketrygdens grunnbeløp i tillegg til fordelen av fribeløpet. Av inntekter utover folketrygdens grunnbeløp betales inntil 85%.*

### 12.4.3 Korttidsopphold

I § 4 er det fastsett slike reglar ved korttidsopphold:

*Kommunen kan ta betaling med inntil kroner 142 pr. døgn for korttidsopphold og med inntil kroner 74 for det enkelte dag- eller nattopphold. (rundskriv I-1/2014)*

Rådmannen viser til at justering av beløp i forskrifta for eigenbetaling skjer etterskuddsvis i februar-mars. Rådmannen foreslår med bakgrunn i dette at kommunen bruker til ei kvar tid gjeldande sats.

### 12.4.4 Kurdøgnpris

Vederlaget for opphaldet må ikkje overstige dei reelle opphaltsutgifter. Kapitalutgiftene skal ikkje takast med i utrekninga av opphaltsutgiftene. Kommunen fastset opphaltsutgiftene ved den einskilde institusjonen.

Kurdøgnprisen seier kva det kostar å drive ein institusjonsplass. Til grunn for utrekninga av kurdøgnprisen ligg brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter utanom vederlagsbetalinga.

<b>Brutto budsjetterte driftsutgifter 2015</b>	
teneste 3700 - 3709 Utgifter sjukeheimen drift	34 875 000
Brutto driftsinntekter (korr. for vederlagsbetalinga)	-1 502 000
Korr samhandlingsreform	0
Grunnlag for kurpris 2015	33 373 000
Kurpris per år	776 116
<b>Kurdøgnpris 43 plassar</b>	<b>2 126</b>

Sjukeheimen har 43 godkjende plassar. Det er for 2015 budsjettet med 5,8 mill.kr. i samla eigenbetaling ved sjukeheimen.

## 12.5 Heimehjelp

I medhald av § 11-2 i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. kan kommunen pålegge den som mottek tenester etter denne lova, å dekkje kostnadene heilt eller delvis. Nærare reglar for slik eigenbetaling er fastsett i eiga forskrift.

Med grunnlag i budsjettet for 2015 er sjølvkost for denne tenesta utrekna til kr 250,- pr time. For 2014 vart sjølvkost for hjelp i heimen utrekna til kr 240,- per time.

Forskrift til Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. definerer sjølvkost som ”*en gjennomsnittlig timelønn for den tjenesten som utføres, tillagt sosiale utgifter samt administrasjonsutgifter som skal utgjøre 10% av timelønn og sosiale utgifter.*” Maksimal eigenandel er i forskrifta sett til kr 165,- per månad for mottakarar med inntekt under 2G. (kr 176 740,-)

*Tabell 1. Eigenbetaling hjelp i heimen per time.*

Art	ØSK 2014	2015
Skattbar inntekt under 2 G*	75	78
Skattbar inntekt 2 - 3 G	93	96
Skattbar inntekt 3 – 4 G	157	165
Skattbar inntekt 4 – 5 G	240	250
Skattbar inntekt over 5 G	240	250

- G=grunnbeløpet i folketrygda 2014 er kr 88 370,-.

ØSK har etablert ein profil på satsane med sterk subsidiering på dei lågaste inntektsnivåa, og dette blir føresett vidareført i 2015.

Rådmannen forslår at satsen for inntekt over 4G følgjer sjølvkost, og at satsen på dei andre inntektsnivåa blir oppjustert som vist i tabellen.

## 12.6 Mat

*Tabell 2.. Satsar for betaling av mat ØSK.*

Art	2014	2015
Ved utkjøring av mat		
- varm mat	76	79
- frukost/kveldsmål	42	44
Ved servering på sjukeheimen		
- middag	66	68
- frukost/kveldsmål	42	44
- middag tilsett, andre	72	75

Prisane på mat blir vurder til å vera samanliknbare med ferdigmat i butikk.

Rådmannen foreslår at prisen i 2014 for kjøp av middag ved sjukeheimen blir auka tilsvarende deflator (3%).

## 12.7 Tryggleiksalarm

Satsen for tryggleiksalarm er for 2014 sett til kr 175,- per månad. Dette inkluderer avgift til vaktcentralen, kostnader til klargjering, sørvis og reparasjonar. F.o.m. 01.01.2015 vil vi måtte abonnere på desse tenestane frå 110. Det vil auke våre totale utgifter til å drifta denne tenesta.

Med bakgrunn i dette foreslår rådmannen å auke satsen frå kr 175,- til 185,- per månad. Kostnaden speglar Øystre Slidre kommune sine reelle kostnader på dette området.

Rådmannen foreslår at betalinga for tryggleiksalarm i 2015 blir sett til kr 185,- pr månad.

## 12.8 Gebyrregulativet 2015

### Tekniske tenester m.m.

GJELDANDE FRÅ 01.01.2015

#### GEBYR VEDTEKE MED HEIMEL I :

§ 33-1 i Plan- og bygningslova av 27.6.2008 med endringar sist ved lov av 20.6.2014.  
 § 32 i Lov om eideomsregistrering (Matrikkellova) av 17.6.2005 endringar sist ved lov av 3.9.2010.  
 § 7 i Lov om eigarseksjonar av 23.5.1997 med endringar sist ved lov av 21.6.2013.  
 § 52 a i Forureiningslova av 13.3.1981 med endringar sist ved lov av 13.6.2014.  
 Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker av 22.9.2014.  
 § 43 i Lov om vilt av 29.5.1981 med endringar sist ved lov av 28.3.2014.  
 § 28 i Brann- og eksplosjonsvernlova av 14.6.2002 med endringar sist ved lov av 1.11.2013.  
 § 21 i Gravferdslova av 7.6.1996 med endringar sist ved lov av 8.6.2012.

#### INNHOLD

KAP. 1.0	Generelle reglar.
KAP. 2.0	Gebyr for handsaming av private planforslag og planprogram.
KAP. 3.0	Gebyr i byggesaker
KAP. 4.0	Eideomsregistrering
KAP. 5.0	Seksjonering
KAP. 6.0	Mindre avløpsanlegg
KAP. 7.0	Gebyr for vass- og avløpstjenester
KAP. 8.0	Søknad om konsesjon
KAP. 9.0	Feiegebyr
KAP. 10.0	Gravferdsgebyr

#### KAP. 1.0 GENERELLE REGLAR

##### 1.1 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr.

##### 1.2 Berekningstidspunkt

Gebyr for sakshandsaming vert rekna etter den sats som gjeld på det tidspunktet komplettert planforslag, søknad, melding eller rekvisisjon vert registrert i kommunen sin postjournal.

##### 1.3 Faktureringstidspunkt og innfordring

Årsavgifter for vatn og avløp forfall til betaling med halvårlege terminar 15. mars og 15. september. Feieavgift vert sendt ut med forfall i juli. Alle gebyr forfall til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Ved for sein betaling tilkjem morarenter frå forfallsdato, samt purregebyr heimla i inkassoforskriften.

Justisdepartementet justerer årleg inkassosatsen på grunnlag av utviklinga i konsumprisindeksen.

Forseinkingsrenter følgjer sats vedtatt av finansdepartementet. Purregebyr i 2015 vert i samsvar med vedtekne satsar 1/10 av inkassosatsen på purring 1. gong og 3/10 på purring 2. gong. For tida **9,5 %**

morarenter samt - **kr. 64** - i purregebyr første gong og - **kr. 256** - andre gong (inkl. gebyr første gong).

##### 1.4 Gebyr rekna etter medgått tid

For eit gebyr som ikkje kan fastsetjast på annen måte, eller skal rekna etter medgått tid – jfr. regulativet, skal ein bruke timesats - **kr. 735,-** for å fastsette gebyret.

##### 1.5 Gebyr for sak som vert trekt

Når ein tiltakshavar eller rekvisitet er årsak til at ei behandling av søknad vert avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det arbeidet som er utført.

##### 1.6 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret etter dette regulativet er å sjå på som openbart urimeleg kan kommunen fastsetje eit passande gebyr.

##### 1.7 Høve til å klage

Fastsetjing av gebyr i den einskilde sak kan ikkje påklagast, da dette er en oppfølging av dette regulativet. Der administrasjonen har fastsett gebyr ved skjønnmessige vurderingar kan vedtaket påklagast til formannskapet. Formannskapet kan etter klage fastsetje storleiken på gebyret.

#### KAP. 2.0 GEBYR FOR BEHANDLING AV PRIVATE PLANFORSLAG OG PLANPROGRAM.

Gebyr for arbeider etter plan- og bygningslova heimla i same lov § 33-1

##### 2.1 Gebyr for arealplanar.

Øystre Slidre kommune krev inn gebyr for behandling av private forslag til regulerings-planar og planprogram. Gebyret skal dekke kommunen sitt arbeid med vurdering av planforslaget.

Søknad om deling	Søknad
<b>2.1.1 Gebyr for behandling av privat forslag til reguleringsplan.</b>	
Gebry for behandling av privat forslag til reguleringsplan etter pbl § 12-11.	<b>kr. 17.500</b>
Gebry for administrering av offentleg ettersyn av planprogram.	Søknad om delingsamtynke
Gjeld for arbeid til privat forslag til reguleringsplan som er definert å få ”vesentleg verknad for samfunn og miljø”.	<b>kr. 8.750</b>
Gebry for private forslag til reguleringsendringar som vert sluttbehandla i planutval.	<b>Kr. 8.750</b>

#### KAP. 3.0 GEBYR I BYGGESEAKER

Gebyr for arbeider etter plan- og bygningslova heimla i same lov § 33-1

##### 3.1 Gebyr for byggesaker

Øystre Slidre kommune krev inn gebyr for handsaming av byggesaker. Alle gebyr vert fakturert tiltakshavar. Den gebyret vert fastsett gjennom areal på bygg skal det nyttast definisjonen på bruksareal (BRA) etter Norsk Standard NS 3940.

Det vert kravd inn fullt gebyr ved utsteding av rammeløyve. Igangsettingsløyve for bygg som det er gitt rammeløyve på vert belasta med gebyr etter tabell 3.2.2 + ansvarsrettar.

##### 3.2 Gebyr for handsaming av byggesaker

###### 3.2.1 Søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-1 a eksklusiv anlegg

Tiltak som krev løyve etter Pbl § 20-1a  
 Oppføring av tilbygg, påbygg,  
 underbygging eller plassering av bygning  
 eller konstruksjon

Opp til og med 100 m <sup>2</sup> BRA	<b>kr. 5.500</b>
101 m <sup>2</sup> – 200 m <sup>2</sup> BRA	<b>kr. 8.750</b>
For kvar påbyrja 200 m <sup>2</sup> mellom 201 m <sup>2</sup> og 1.000 m <sup>2</sup> BRA	<b>kr. 3.300</b>
For kvar påbyrja 500 m <sup>2</sup> over 1.000 m <sup>2</sup> BRA	<b>kr. 5.500</b>

Tilsyn av bygningstiltak	<b>kr. 2.900</b>
Synfaring i samband med utskriving av ferdigattest eller mellomb. bruksløyve	<b>kr. 2.900</b>
Synfaring 2. gong i samband med kontroll av utstikking av bygg.	<b>kr. 2.900</b>

### 3.2.2 Søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-1 a, b, c, d, e, f, g, i, j, k, l.

Tiltak som krev løyve etter pbl § 20-1

pkt a: anlegg

pkt. b: vesentleg endring og reparasjon av tiltak som er søknadspliktig etter pbl 20-1 a

pkt. c: fasadeendring

pkt. d: bruksendring m.v.

pkt. e: riving av tiltak nemnd i pbl 20-1 a pkt. f: oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjoner

pkt. g: oppdeling eller samanføying av

bruksendringar i bustad samt annan ombygging som gjev

endring / fråvik frå bustad.

pkt. h: oppføring av innhegning mot veg,

pkt. i: plassering av skilt eller reklameinretningar

pkt. j: plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg.

pkt. k: vesentlege terrengegrep

pkt. l: anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass

**kr. 4.300**

### 3.2.3 Søknad om tiltak etter pbl § 20-1 m, oppretting av ny eidegod

Gebyr for oppretting av ny grunneigedom, ny festegrunn eller annan arealoverføring.

**kr. 4.300**

### 3.2.4 Søknadspliktige tiltak etter pbl § 30-6, fritidsbustad

Fritidsbustad med eventuell samtidig søknad på uthus og / eller annekts

**kr. 13.700**

### 3.2.5 Tiltak som vert handsama etter pbl § 20-2

Pbl § 20-2 a: Mindre tiltak på bygd eidegod. Tilbygg <50 m<sup>2</sup> BRA, frittliggende bygg < 70 m<sup>2</sup> BRA

**kr. 4.300**

Pbl § 20-2 b: Driftsbygningar i landbruket

**kr. 2.900**

Pbl § 20-2 c: Mellombels bygningar og konstruksjonar eller anlegg som ikkje skal plasserast for lengre tid enn 2 år

**kr. 2.900**

Pbl § 20-2 d: Andre mindre tiltak som etter vurdering frå kommunen.

**kr. 2.900**

### 3.2.6 Godkjenning av føretak etter pbl § 22-3

Søknad om lokal godkjenning for føretak som ikkje har sentral godkjenning. (gjeld ikkje sjølvbyggar)

**kr. 2.250**

Revidering / fornying av eksisterande lokal godkjenning

**Kr. 760**

Søknad om ansvarsrett for einskildt tiltak pr. føretak

**kr. 760**

### 3.2.7 Dispensasjon

Dispensasjon frå plan- og bygningslov med forskrifter

**kr. 4.100**

Dispensasjon frå arealplanar m.m. som krev politisk behandling

**kr. 7.700**

### 3.2.8 Tilsyn / synfaring

## KAP. 4.0 EIGEDOMSREGISTRERING

Arbeid etter lov om egedomsregistrering (Matrikkellova) § 32 med forskrift § 16 og lokal forskrift om unntak frå tidsfristar (vinterforskrift).

For einskilde oppgåver etter matrikkellova er betalingssatsar fastsett i lov eller forskrift (m a utskrift av matrikkellebrev, forskrift § 16,4). For andre oppgåver er det ikkje gjeve heimel for å krevje gebyr, m a forskrift § 16, 2-3 og kap 11. Kommunen er med matrikkellova pålagt utvida undersøkingsplikt og sakshandsamings–rutinar.

Matrikkellova legg til grunn at kommunen kan få dekt sine samla utgifter for oppgåver etter lova gjennom dei gebyrheimlane lova gjev.

Det er med matrikkellova innført saksbehandlings-fristar med avkorting av gebyr ved oversitting. Lokal forskrift om unntak frå tidsfristar kan heimle utsetting av ferdigstillingsfrist i samband med snø og vinterstengde vegar. Kommunen fullfører rekvisisjonar utan ugrunna opphold, normalt innan fristen på 16 veker. Ved grunna opphald, inklusiv lokal vinterforskrift (1.11.-15.5) forskyv fristen seg. Oversitting av fristen medfører 1/3 avkorting av gebyra.

### Betalingsreglar

Gebyr skal betalast etter reglar og satsar på rekvisisjonstidspunktet. Krav om gebyr vert sendt i samband med matrikkelføring. For arbeid som ikkje krev matrikkelføring vert krav sendt når arbeidet er utført. Timesats for arbeid utført etter medgått tid er kr. 735,-

### Urimeleg gebyr

Dersom gebyret er openbart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn i matrikkellova, det arbeid og dei kostnadene kommunen har hatt, kan kommunen etter søknad fastsetje eit passande gebyr. Sjå kap. 1.0 Generelle reglar.

### Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvisentre under saka si gang endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert gebyret oppretthalde. Medfører endringa meir arbeid i høve til rekvisert sak, vert dette fakturert etter medgått tid.

### Andre utlegg

Utegg til tinglysingsgebyr, eventuell dokumentavgift, pantefråfall og utskrifter ut over det kommunen har fri tilgang til, kjem i tillegg til gebyr for den einskilde forretning.

## 4.1 Gebyr for oppretting av matrikkeining etter § 5.

### 4.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn § 5a og e.

Areal frå 0 til 250 m <sup>2</sup>	<b>kr. 7.100</b>
Areal frå 251 m <sup>2</sup> – til 500 m <sup>2</sup>	<b>kr. 9.800</b>
Areal frå 510 m <sup>2</sup> – til 2.000 m <sup>2</sup>	<b>kr. 15.200</b>
Areal frå 2.001 - 5.000 m <sup>2</sup> Auke pr. påbegynt daa	<b>kr. 1.200</b>

Areal frå 5.001 m <sup>2</sup> . Auke pr. påbegynt daa	<b>kr. 600</b>
--	----------------

**4.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn §§ 14 og 5e, m/ forskrift § 31 og oppretting av grunneigedom på heil teig § 10 m/ forskrift § 42.**

Fakturering etter medgått tid. Minstegebyr.	<b>kr. 4.300</b>
---	------------------

Krev forretninga måling i terrenget vert det kravd inn gebyr som for oppretting av grunneigedom kap 4.1.1.

**4.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon etter eigarseksjonslova § 7 og 9 m/ forskrift § 35.**

Gebyr som for oppretting av grunneigedom kap 4.1.1

**4.1.4 Oppretting av anleggseigedom § 5c og 11 m/ forskrift § 29.**

Volum til og med 2.000 m <sup>3</sup>	<b>kr. 15.200</b>
Volum frå 2.001 m <sup>3</sup> Auke pr. påbegynt 1.000 m <sup>3</sup>	<b>kr. 1.200</b>

**4.1.5 Registrering av jordsameige § 14 m/ forskrift §§ 28 og 32.**

Fakturering etter medgått tid. Minstegebyr.	<b>kr. 4.300</b>
---	------------------

**4.2 Gebyr for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning etter § 6 andre ledd m/forskrift §§ 18 og 25**

**4.2.1 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning.**

Gebyr i tillegg til ordinært gebyr	<b>kr. 2.400</b>
Dersom rekvirenten ber om matrikkelføring utan at der er halde oppmålingsforretning, skal det omsøkjast særskilt. Kommunen skal så vidt mogleg etterkomme søknaden.	

**4.2.2 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering.**

**1/3 av gebyrsatsane etter kap 4.1.1 eller 4.1.2.**

Dersom ei sak vert trekt av rekvirent før ho vert fullført, eller ho vert avvist, ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert det kravd gebyr tilsvarende 1/3 av satsane etter kap 4.1.1 eller 4.1.2.

**4.3 Gebyr for grensejustering etter § 16 m/ forskrift § 34.**

**4.3.1 Grensejustering av grunneigedom, festegrund og jordsameige.**

Areal til og med 250 m <sup>2</sup>	<b>kr. 5.450</b>
Areal frå 251 - 500 m <sup>2</sup>	<b>kr. 7.300</b>

Det kan søkjast om grensejustering av inntil 5% av dei aktuelle eigedomane sine areal – inntil 500 m<sup>2</sup>.

**4.3.2 Grensejustering av anleggseigedom.**

Volum til og med 250 m <sup>3</sup>	<b>kr. 5.450</b>
Volum frå 251 – 1.000 m <sup>3</sup>	<b>kr. 7.300</b>

Det kan søkjast om grensejustering av inntil 5% av anleggseigedommen sitt volum – inntil 1.000 m<sup>3</sup>.

**4.4 Gebyr for arealoverføring etter § 15 m/ forskrift § 33.**

**4.4.1 Arealoverføring av grunneigedom, festegrund og jordsameige.**

For arealoverføring vert det nytt gebrysatsane etter punkt 4.1.1 med tillegg av eit ekspedisjonsgebyr på kr. 1.700.

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Rettar, pant m.v. skal vere avklara og rydda før gjennomføring. Arealoverføring utløyer dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til føremål veg og jernbane.

**4.4.2 Arealoverføring av anleggseigedom.**

Volum til og med 500 m <sup>3</sup>	<b>kr. 3.700</b>
Volum frå 501 m <sup>3</sup> . Auke pr. påbegynt 500 m <sup>3</sup>	<b>kr. 1.200</b>

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er tilstades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhangande volum.

**4.5 Klarlegging av eksisterande grense etter § 17 m/ forskrift § 36.**

**4.5.1 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinat-bestemt ved oppmålingsforretning.**

For inntil 2 punkt	<b>kr. 2.300</b>
Pr. stk. for overskytande grensepunkt	<b>kr. 600</b>

**4.5.2 Klarlegging av eksisterande grense og / eller rettar der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt.**

For inntil 2 punkt	<b>kr. 6.600</b>
Pr. stk. for overskytande grensepunkt	<b>kr. 600</b>

Dersom det blir halde oppmålingsforretning samstundes over fleire tilgrensande eigedomar blir satsen for kvar eigedom inntil 2 punkt kr. 4.500. Overskytande punkt blir fordelt likt på eigedomane. Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid. (Dvs. pris for 4 hjørner kr. 7.800).

**4.6 Private grenseavtaler etter § 19 m/ forskrift § 44.**

**4.6.1 Registrering av privat grenseavtale med eksisterande grense**

Fakturering etter medgått tid Minste gebyr for registrering	<b>kr. 1.850</b>
Krev forretninga måling i terrenget, skal dette fakturerast etter kap. 4.1.1 eller 4.1.6.	

**4.7 Matrikkelbrev etter § 30 m/ forskrift § 17.**

**4.7.1 Utstedt matrikkelbrev**

Matrikkelbrev inntil 10 sider	<b>kr. 175</b>
Matrikkelbrev over 10 sider	<b>kr. 350</b>

Fastsett av Statens Kartverk - jfr. forskrift § 17.4

**4.8 Adressering etter § 21 m/ forskrift § 57 og lokal forskrift om adressering.**

**4.8.1 Adressering av hytter, stølar og buer utanom regulerte hytteområde på Beitostølen**

Gebyr for adresseskilt	kr. 200
------------------------	---------

**KAP. 5.0 SEKSJONERING**

Gebyr for arbeider etter lov om eigarseksjoner (§ 7)

**5.1 Kart- og delingsforretning over byggetomter og større areal**

Seksjonering av nytt bygg med godkjende teikningar	3 x rettsgebyret pt. kr. 2.580
Seksjonering av eksisterande bygg som krev synfaring og teikningskontroll	5 x rettsgebyret pt. kr. 4.300
Reseksjonering eller oppheving av seksjonering	3 x rettsgebyret pt. kr. 2.580
Tinglysingsebry	1,8 x rettsgebyr pt. kr. 1.548
Rettsgebry pr. 01.12.08 (fastsett av justisdepartementet)	kr. 860

**KAP. 6.0 MINDRE AVLØPSANLEGG**

Gebyr for arbeider etter forureiningslova (§ 52)

**6.1 Mindre avløpsanlegg**

Gebryet for handsaming av mindre avløpsanlegg dekkjer handsaming av søknad om utsleppsløye etter forureiningsforskrifta samt plan- og bygningslova.

**6.1.1 Gebyr for handsaming av utsleppsløye**

Melding om etablering av mindre avløpsanlegg etter forureiningsforskrifta (avløpsanlegg dimensjonert for 1 – 15 personekvivalentar (PE))	kr. 3.000
Søknad om utsleppsløye for avløpsanlegg dimensjonert for 1 – 15 personekvivalentar (PE)	kr. 4.300
Søknad om utsleppsløye for avløpsanlegg dimensjonert for over 15 personekvivalentar (PE) Nødvendig annonsering skal vere utført av sokjar / tiltakshavar	kr. 13.000
Mindre endring av utsleppsløye (Større endring vert å sjå på som ein ny søknad med tilsvarende gebry)	kr. 3.000

**6.1.2 Gebyr tilsyn av separate avløpsanlegg**

Ved varslet tilsyn av separate avløpsanlegg vert det kravd inn gebry. Ein tek sikte på å gjennomføre tilsyn kvart 5. år.	kr. 1.090
--	-----------

**KAP. 7.0 GEBYR FOR VATN OG AVLØP**

Gebry med heimel i forureiningslova (§52)

**7.1 Tilknytingsgebry og årsgebry for vatn og avløp**

Der gebryet vert fastsett gjennom areal på bygg skal det nytta definisjonen på bruksareal (BRA) etter Norsk Standard NS 3940, (men berre arealet som er innanfor ytterveggane)

**7.1.1 Tilknytingsgebry for vatn og avløp**

Tilknytingsgebry for vatn (pr. m <sup>2</sup> ) bruksareal BRA bygg) Herav meirverdiavgift kr. 64.	kr. 320
Tilknytingsgebry for avløp (pr. m <sup>2</sup> ) bruksareal BRA bygg) Herav meirverdiavgift kr. 96.	kr. 480
Tilknytingsgebry for vatn industri- og produksjonslokale – fast avg. (150m <sup>2</sup> ) Herav meirverdiavgift kr. 9.600. (Gjeld dersom bygget er > 150 m <sup>2</sup> )	kr. 48.000
Tilknytingsgebry for avløp industri- og produksjonslokale – fast avg. (150 m <sup>2</sup> ) Herav meirverdiavgift kr. 14.400. (Gjeld dersom bygget er > 150 m <sup>2</sup> )	kr. 72.000

**7.1.2 Årsgebry for vatn og avløp**

Forbruksgebry for vatn etter målt eller stipulert forbruk (pr. m <sup>3</sup> ) Herav meirverdiavgift kr. 3,70.	kr. 18,50
Abonnementsgesbry for vatn pr. år Herav meirverdiavgift kr. 260.	kr. 1.300
Abonnentar utan målar betaler etter stipulert forbruk, men ikkje mindre enn Herav meirverdiavgift kr. 320.	kr. 1.600
Forbruksgebry for avløp etter målt eller stipulert forbruk (pr. m <sup>3</sup> ) Herav meirverdiavgift kr. 6,60.	kr. 33,00
Abonnementsgesbry for avløp pr. år Herav meirverdiavgift kr. 300.	kr. 1.500
Abonnentar utan målar betaler etter stipulert forbruk, men ikkje mindre enn Herav meirverdiavgift kr. 560.	kr. 2.800
Mottak av slam/svartvatn til reinseanlegg ekskl. transport (pr. m <sup>3</sup> )	kr. 320

**KAP. 8.0 GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONSSAKER OG SØKNADER OM DELINGS-SAMTYKKE ETTER JORDLOVA**

Søknader om konsesjon (løye om erverv) etter lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eidegdom (konsesjonsloven) mv. § 2 og § 3. Kommunen kan fastsette løyre gebry ved svært enkle saker.	kr. 5.000
For konsesjonsbehandling av utbyggingskontraktar	Minimum kr. 1500

**8.2 Gebry ved søknad om delings-samtykke etter jordlova.**

Gebry for jordlovsbehandling av søknad om deling	kr. 2000
--	----------

**8.3 Fellingsgebry for hjortevilt etter § 43 i viltlova.**

Vaksen elg	kr. 496
Elgkalv	kr. 292
Vaksen hjort	kr. 379
Hjortekalv	kr. 230

**KAP. 9.0 GEBYR FOR FEIING**

Gebyr for arbeider etter brann og eksplosjonsvernlova (§ 28)

**9.1 Gebyr for feiing**

Gebyr for feiing Herav meirverdiavgift kr. 110.	<b>kr. 565</b>
---	----------------

Tilleggsgebyr for kvar pipe ved fleire piper på sama tak Herav meirverdiavgift kr. 66.	<b>kr. 340</b>
--	----------------

**KAP. 10.0 GEBYR FOR GRAVFESTE**

Gebyr fastsett med heimel i gravferdslova (§ 21)

Kommunen krev inn gebyr for gravfeste. Gebyret vert fastsett av kommunestyret, etter råd frå Kyrkjeleg Fellesråd.

**10.1 Gebyr for gravfeste**

Gravfeste pr. år	<b>kr. 150</b>
------------------	----------------

## 13 Vedlegg I: Handlingsregelen for god økonomistyring

1. Kommunen har følgjande mål for den økonomiske forvaltninga :

**Kommunen har som overordna mål å yte gode tenester for innbyggjarane og bidra til å utvikle lokalsamfunnet. Oversket i kraftforvaltninga skal nyttast for å nå dette målet.**

Målet med den økonomiske forvaltninga i kommunen er :


- Utvikling av lokalsamfunnet og av kommunen som organisasjon.
- Å gjere økonomien til kommunen robust.
- Gje grunnlag for høg avkastning på kraftporteføljen gjennom å forvalte inntektene langsigtig slik at ein kan tåle store svingingar i inntektene innanfor og mellom år.
- Å ha ein bevisst forhold til nivået og utvikling av kommunen sin renteberande gjeld.
- Å ha god styring med sjølvkostområde som til dømes Vatn og Avløp samt utleigeverksemda med omsyn til inndeckning.
- Å ha ein bevisst forhold til effekt av investeringar på driftsrekneskapen samt kva effekt val av finansiering har over tid.

I kommunestyresak 53/13 vart det gjort vedtak om kommunen sin handlingsregel om god økonomistyring.

Det er fastsett resultatmål knytt til følgjande nøkkeltal :

<b>Netto driftsresultat</b>	<b>3,0%</b>
<b>Dispositionsfond</b>	<b>17,5%</b>
<b>Lånegjeld</b>	<b>40,0% ( under føresetnad av 100% inndeckning innan sjølvkostområde )</b>

Grunnlaget for berekning er knytt til andel av brutto driftsinntekter i sist avgjorte rekneskapsår ekskl inntekter frå sjølvkostområde.



## 14 Vedlegg II: Investeringsprosjekt

### Skildring av investeringsprosjekt 2015-2018

#### Prosjekt 558 : VA Lidar – Sælid

Prosjektet vidareføring av hovedleidning frå Lidar skule til Sælid. Kommunen starta i 2013 med avklaring med kulturminnevernet om det er kulturminne vi må / omgå. Avklaringa vil vere grunnlag for detaljprosjektering. Kommunen har starta dette arbeidet med siktet på byggestart hausten 2014. Prosjektet vil truleg bli avslutta sumaren 2016. Formålet er å gje potensiale til utvikling av Skammestein. Prosjektet har potensiale til å avkloakkere heile eller delar av Beitostølen til Nedrefoss RA.

Samla budsjett : 26,0 mill. kr. (2014-2016)

#### Prosjekt 605 : Utbetring Dalsvegen

Det er forventa at VA Lidar – Sælid vil gje store masseoverskott. Denne massa kan nyttast til å bygge opp ny vegline for Dalsvegen frå Dalsbrue til Nordtorpplassen.

Samla budsjett: 1,5 mill. kr. (2014-2016)

#### Prosjekt 560 Nedrefoss RA – Garderobeanlegg

Øystre Slidre kommune fikk avvik for hygienesituasjonen for tilsette ved Nedrefoss RA / VA-tenesta i kommunen. Prosjektstart har vorte forsinka delvis i manglande avklaring med Arbeidstilsynet om krav til tilpassing til funksjonshemma. Det er prosjektert eit frittståande bygg med storleik 85 m<sup>2</sup>. Samla budsjett: 3 mill. kr. (2015)

#### Prosjekt 556 VA Moane – Robøle

Prosjektet er første byggesteg i avkloakkering av Robøle og Gravfjellsområdet. Vindin Vassverk får i same prosjektet bygd ringleidning for tosidig forsyning av store delar av sitt forsyningsnett.

Budsjett for kommunal del er 5,8 mill. kr. (2015-2016)

#### Prosjekt 394 Onstadhuset - riving og oppføring av nye bustader

Det er føresett riving av Onstadhuset på Heggenes. Og det er lagt opp til utbygging av nye omsorgsbustader på tomta.

Budsjett : 3 mill kr ( 2015 )

#### Prosjekt 435 Bustader Brennebakkin

Kommunen ynskjer å oppføre 2 nye bustader på Brennebakkin. Utsett prosjekt

Budsjett: 4.170' kr. (2015-2016)

#### Prosjekt 600 : Omsorgbygg

Med etterhald for vedtak av omsorgsplan for økonomiplanperioden er det oppført investeringar i planperioden på 50 mill kr fordelt på 2017 og 2018 knytt til utbygging av omsorgsbygg..

Budsjett: 20 mill kr i 2017 og 30 mill kr i 2018.

#### Prosjekt 230 Rogne Barnehage

Ny, utvida barnehage i Rogne.

Budsjett : 34 mill. kr. (2014-2015)

Budsjett inventar 2015: 0,5 mill kr

#### Prosjekt 213 Rogne skule - p-plass

Utbygging av parkeringsplass og bussavstigning samt gang og sykkelveg frå skulen til fv 51 er påbegynt i 2014. Ferdigstilling er føresett gjort i 2015

Budsjett: 2 mill kr. (2015)

**Prosjekt 206: ØSUS – brannvarsling**

Budsjett: 700' kr (2015)

**Prosjekt 204: ØSUS – innreiing av kantine**

Budsjett: 250' kr (2015)

**Prosjekt 559 Gravfjellet – infrastrukturselskap**

Aksjekjøp til kommunal del av selskapet

Budsjett: 3,5 mill. kr. (2014-2015)

**Prosjekt 129 Andelsinnskott KLP**

Budsjett: 600' kr. (2014)

**Prosjekt 131 Lån – ekstraordinære avdrag**

Budsjett: 1 mill. kr. (2014) Det er lagt opp til ekstraordinære avdrag i samsvar med inntekter fra tomtesal.

**Prosjekt 439 : Prosjekt Sentrumsutvikling Beitostølen**

Det er ønske om å utvikle sentrum på Beitostølen. Det er tanken å løfte det offentlige miljøet på Beitostølen både sumar og vinter. Dette omfattar blant anna opprusting av så vel grøntareal som torgareal og kunstnerisk utsmykking i sentrum.

I det regionale handlingsprogrammet til Oppland Fylkeskommune er utvalde reiselivsdestinasjonar som Beitostølen prioritert for stadsutviklingsmiddel. Oppland Fylkeskommune har gitt tilsegn om tilskott på kr 950.000 over to år til prosjektet

Det er budsjettet med anleggsbidrag frå næringslivet i perioden med 2 mill kr.

Budsjett : 2,2 mill i 2015

**Prosjekt 603 : Nytt ungdomshus**

Det vart i 2014 sett ned ei arbeidsgruppe som hadde som oppgåve å kartlegge behovet relatert til ungdomsklubben samt og kome med forslag til løysing mht lokaler. Med bakgrunn i dette er det sett opp ein utgiftspost på investeringsbudsjettet på 3,5 mill kr Løyvinga til dette føremålet er føresett behandla i eige sak til kommunestyre..

**Prosjekt 396 : Brannbil / utrykningskjøretøy**

Jfr ksak 54/14 post 10 er det gjort vedtak om anskaffing av utrykningskjøretøy til Øystre Slidre

Brannvesen

Budsjett : 1,8 mill i 2015

## 15 Vedlegg III: Talbudsjett

### 15.1 Driftsbudsjettet – budsjettskjema 1A

Budsjettskjema 1A - drift	Regnskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	73 598	79 000	81 000	81 000	81 000	81 000
Ordinært rammetilskudd	95 969	94 000	94 410	94 410	94 410	94 410
Skatt på eiendom	2 246	2 500	2 200	2 200	2 200	2 200
Andre direkte eller indirekte skatter	3 258	4 600	3 300	3 300	3 300	3 300
Andre generelle stats tilskudd	7 428	6 809	8 000	8 000	8 000	8 000
<b>Sum frie disponibele inntekter</b>	<b>182 499</b>	<b>186 909</b>	<b>188 910</b>	<b>188 910</b>	<b>188 910</b>	<b>188 910</b>
Renteinntekter og utbytte	7 099	7 090	6 990	6 990	6 990	6 990
Gevinst finansielle instrument	154	-	-	-	-	-
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	4 230	6 040	4 940	5 740	5 640	5 640
Tap finansielle instrument	358	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	8 611	9 100	9 100	10 000	11 000	11 000
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-5 945</b>	<b>-8 050</b>	<b>-7 050</b>	<b>-8 750</b>	<b>-9 650</b>	<b>-9 650</b>
Til ubundne avsetninger	18 225	18 717	19 219	7 496	7 496	7 496
Til bundne avsetninger	6 140	3 341	4 678	3 982	3 522	3 522
Bruk av tidl regnks.m. mindreforbruk	5 147	2 920	-	-	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	13 004	12 676	6 778	6 075	6 271	6 236
Bruk av bundne avsetninger	5 124	3 597	15 460	3 788	3 834	3 800
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-1 090</b>	<b>-2 865</b>	<b>-1 659</b>	<b>-1 615</b>	<b>-913</b>	<b>-982</b>
Overført til investeringsbudsjettet	975	-	-	-	-	-
<b>Til fordeling drift</b>	<b>174 488</b>	<b>175 994</b>	<b>180 201</b>	<b>178 545</b>	<b>178 347</b>	<b>178 278</b>

## 15.2 Investeringsbudsjettet – budsjettetskjema 2A

<b>Budsjetteskjema 2A - investering</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Investeringer i anleggsmidler	21 215	66 320	55 370	13 700	27 000	30 000
Utlån og forskutteringer	771	-	-	-	-	-
Kjøp av aksjer og andeler	841	3 900	4 100	600	600	600
Avdrag på lån	5 650	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Avsetninger	790	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>29 266</b>	<b>72 220</b>	<b>61 470</b>	<b>16 300</b>	<b>29 600</b>	<b>32 600</b>
<b>Finansiert slik:</b>						
Bruk av lånemidler	3 035	35 570	42 800	13 500	14 000	10 600
Inntekter fra salg av anleggsmidler	701	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Kompensasjon for merverdiavgift	-	10 084	6 214	40	4 100	6 000
Mottatte avdrag på utlån og ref.	15 908	1 475	1 975	500	9 500	14 000
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>19 644</b>	<b>48 129</b>	<b>51 989</b>	<b>15 040</b>	<b>28 600</b>	<b>31 600</b>
Overført fra driftsbudsjettet	975	-	-	-	-	-
Bruk av avsetninger	8 647	24 091	9 481	1 260	1 000	1 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>29 266</b>	<b>72 220</b>	<b>61 470</b>	<b>16 300</b>	<b>29 600</b>	<b>32 600</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

## 15.3 Tilgang og bruk middel

i heile tusen	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Tilgang og bruk av midler	2013	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Tilgang av midler</b>						
Inntekter driftsdel	260 556	260 626	261 129	261 094	261 094	261 071
Inntekter investeringsdel	12 309	12 559	8 214	1 040	14 100	20 500
Innbetalinger ved eksterne finanstrans	14 606	42 775	50 405	21 105	21 605	18 205
<b>Sum anskaffelse av midler</b>	<b>287 470</b>	<b>315 960</b>	<b>319 748</b>	<b>283 239</b>	<b>296 799</b>	<b>299 776</b>
<b>Bruk av midler</b>						
Utgifter driftsdel	249 642	249 606	252 315	250 624	250 426	250 334
Utgifter investeringsdel	21 215	66 320	55 370	13 700	27 000	30 000
Utbetaling ved eksterne finanstrans	20 460	20 040	19 140	17 340	18 240	18 240
<b>Sum anvendelse av midler</b>	<b>291 317</b>	<b>335 966</b>	<b>326 825</b>	<b>281 664</b>	<b>295 666</b>	<b>298 574</b>
<b>Tilgang - bruk av midler</b>	<b>-3 847</b>	<b>-20 006</b>	<b>-7 077</b>	<b>1 575</b>	<b>1 133</b>	<b>1 202</b>
Endring i ubrukte lånemidler	-2 035	-	-	-	-	-
<b>Endring i arbeidskapital</b>	<b>-5 882</b>	<b>-20 006</b>	<b>-7 077</b>	<b>1 575</b>	<b>1 133</b>	<b>1 202</b>
<b>Avsetninger og bruk av avsetninger</b>						
Avsetninger	28 075	23 058	24 897	12 478	12 018	12 018
Bruk av avsetninger	31 922	43 284	32 194	11 123	11 105	11 036
Til avsetning senere år	-	-	-	-	-	-
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-3 847</b>	<b>-20 226</b>	<b>-7 297</b>	<b>1 355</b>	<b>913</b>	<b>982</b>
<b>Int. overføringer og fordelinger</b>						
Interne inntekter mv	17 200	2 789	1 699	1 699	1 699	1 699
Interne utgifter mv	17 200	2 789	1 699	1 699	1 699	1 699
<b>Netto interne overføringer</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>


## 16 Vedlegg IV

### 16.1 Befolkningsutvikling

Øystre Slidre kommune hadde per 01.01.2014 eit registrert folketal på 3 206 innbyggjarar (2013: 3 197). Folketalet i Øystre Slidre har dei 10 siste åra gått opp med 121 (3,7 %), medan det samla folketalet i Valdres i den same perioden har gått ned med 279 (-1,5 %)

Innbyggjarar pr 1.1.2014						
	0 - 5 år	6 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80+ år	Totalt
Samlet	1 035	2 952	10 746	2 173	1 047	17 953
fordeling i %	5,77 %	16,44 %	59,86 %	12,10 %	5,83 %	100,00 %
Øystre Slidre	190	520	1 938	403	155	3 206
Vestre Slidre	132	363	1 316	244	132	2 187
Vang	92	250	967	187	106	1 602
Etnedal	76	221	820	189	102	1 408
Sør-Aurdal	180	548	1 779	410	216	3 133
Nord-Aurdal	365	1 050	3 926	740	336	6 417

Fordeling av innbyggjarar etter aldersgrupper i %



Prognose for folketal i 2020 i Valdres-kommunane – kjelde SSB moderat vekst.

	<b>0 - 5 år</b>	<b>6 - 19 år</b>	<b>20 - 66 år</b>	<b>67 - 79 år</b>	<b>80+ år</b>	<b>Totalt</b>
<b>Samla</b>	<b>1 022</b>	<b>2 815</b>	<b>10 678</b>	<b>2 687</b>	<b>1 028</b>	<b>18 230</b>
Øystre Slidre	190	491	1 932	492	155	3 260
Vestre Slidre	116	366	1 281	303	135	2 201
Vang	95	245	988	241	86	1 655
Etnedal	73	216	889	202	105	1 485
Sør-Aurdal	180	506	1 750	481	200	3 117
Nord-Aurdal	368	991	3 838	968	347	6 512

Kjelde: SSB

Statistikk Sentralbyrå – SSB sin oversikt over alderssamsetnad i kommunene viser at i Øystre Slidre utgjer aldersgruppa 80 år og eldre 4,8% mot Valdreskommunane samla sett ligg 5,8%..

SSB sin prognose for 2020 med moderat vekst viser til eitt samla folketal på 18.230 som er auke på 277 innb. Eller 1,5%. For Øystre Slidre sin del kan det synast som aldersgruppa 67-79 år vil auke medan aldersgruppa 6-19 år kan vise til nedgang frå 520 til 491.

## 16.2 Organisasjonskart

